

The Sound of Music

30.mai 2025

Musikk
Richard Rodgers

Songtekstar
Oscar Hammerstein II

Manus
Howard Lindsay og Russel Crouse

Fritt etter «The Trapp Family Singers»
Maria Augusta Trapp

Omsett av
Runa Våge Krukhaug

AKT 1

Scene 1: Nonnberg-klosteret

(Me høyrer kloster-klokkene frå Nonneberg når lyset i salen dimmast. Når teateret er heilt mørkt går klokkeklngen over i NONNENE sin song, a capella)

MUSIKK 1: «PRELUDIUM»

SOLO

DIXIT DOMINUS DOMINO MEO
SEDE A DEXTRIS MEIS

(Songen held fram. I mørkret har sceneteppe opna seg og lyset går sakte opp på interiøret i Nonnberg-klosteret. Eit alter med tende lys på eine sida, i bakgrunnen bogegangar, og på bakveggen; eit glasvindauge i fargar. Bak alt dette; eit jerngitter «smijernsport»)

ALLE

DONEC PONAM INIMICOS TUOS
SCABELLEUM PEDUM TUORUM

SOLO

DOMINUS A DEXTRIS TUIS
CONFREGIT IN DIE IRAE SUAE REGES

ALLE

DE TORRENTE IN VIA BIBET
PROPTEREA IN EXALTABIT CAPUT

SOLO

GLORIA PATRI FILIO
ET SPIRITUI SANCTO

ALLE

SICUT ERAT IN PRINCIPIO
ET NUNC ET, SEMPER
ET IN SAECULA SAECULORUM
AMEN
(rett over i:)

“MONING HYMN”

REX ADMIRABILIS
ET TRIUMPHATOR NOBILIS
DULCEDO INEFFABILIS
TOTUS DESIDERABILIS

TOTUS DESIDERABILIS

(Under songen kneler NONNER I bøn ved alteret. ANDRE går forbi porten, berande på mjølkespann i borette over nakken, store korger, tre-fire med musikkinstrument. Me høyrer Angelus-klokkene. Alle NONNENE kneler og bøyer hovudet, krossar seg, reiser seg og fortset med ulike gjeremål. Rett over i:)

«ALLELUJA»

ALLELUJA, ALLELUJA
 ALLELUJA, ALLELUJA
 ALLELUJA, ALLELUJA
 ALLELUJA, ALLELUJA

(SØSTER BERTHE kjem inn med notatblokk og blyant. Når NONNENE, POSTULANTANE OG NOVISENE kjem inn frå ulike retningar og passerer ho, kryssar ho av namna i boka. Nokon manglar. Når songen sluttar («Amen»), høyrer stemmer frå NONNENE, som kjem frå alle kantar i klosteret)

AMEN

STEMMER

Har du sett Maria?
 Er ikkje Maria tilbake enno?
 Kvar kan Maria vera?
 Kvar er Maria?
 Maria!
 Maria! Maria!
 Maria! Maria! Maria!
(rett over i:)

MUSIKK 2: «THE SOUND OF MUSIC»**Scene 2: Ei fjellside nær klosteret**

(I horisonten ser me fjell og den austerrikske landsbygda. Framme på scena, eit stort tre. Maria ligg med ryggen inntil trestamma. Ho er kledd som postulant, men har likevel eine foten høgt i vêret, slik at underkjolen viser, altså svært lite passande. Ho set seg opp, ser rundt seg og byrjar synge)

MARIA

MIN FRIDAG FRÅ ALT
 ER OVER, DET KAN EG SJÅ
 FOR STJERNENE KJEM
 TIL SYNE DER, I DET BLÅ
 MEN GØYMT I EIN DJUPGRØN SKUGGE

ER STEMME SOM HELD MEG IGJEN
SÅ EG VENTAR LITT, BLIR HER OG LYTTAR
TIL NOK EIT PUST
TIL NOK EIT LØYNDOMS ORD
FRÅ EIN TRUFAST VEN

HØYR, FJELLA FÅR LIV
AV MUSIKK OG TONAR
OG SONGEN HAR LEVD
FLEIRE TUSEN ÅR
DEN FYLLER MEG SVALT
MED MUSIKK OG TONAR
OG FJELLSONGEN FØLJER
NÅR HJARTET SLÅR

MITT HJARTE VIL SLÅ
SOM EI VENG
NÅR EIN FUGL SET FART
FRÅ EIN SJØ, OVER TIND
OG TAKTEN VIL KLINGE
SÅ KLOKKEKLART
OG BLI FØRT MED EIN VIND

VIL KLUKKE SOM BEKKEN
SOM SNOR SEG VEG
LANGS EIT SNAR
RUNDT EI LØN
VIL NYNNE EIN SONG
SOM EIN LERKEFUGL LOVSYNG I BØN

EG SØKJER TIL FJELLS
NÅR MITT HJARTE STUNDAR
FOR KLANGEN HELD FRAM
OG VIL GJE MEG FRED
VELSIGNAR MI SJEL
MED MUSIKK OG TONAR
ALLTID SYNG EG MED

MUSIKK 3: INTERLUDE

(Lyset dimmast, SØSTER SOPHIA inn, ho er travel og skundar seg over scena med eit stort nøkkelknippe, går ut.)

Scene 3: Abbedissa sitt kontor, morgonen etter

(Eit sparsamt innreidd kontor gjev inntrykk av nøysemd. Eit skrivebord i senter med ein stol og ein krakk på kvar si side, ein bønnestol i nærleiken. Ei dør på kvar side av rommet. På skrivebordet; blekkhus og penn og ei mappe med papir. ABBEDISSA, som sit ved skrivebordet, granskar ei namneliste. SØSTER BERTHE står ved skrivebordet og held ei lita svart bok og ein blyant. SØSTER MARGARETTA står i avstand til SØSTER BERTHE og ho held hendene sine falda under nonnekappa, slik Nonnberg-nonnene alltid held hendene sine når dei ikkje arbeider)

ABBEDISSA

Eg tenkjer me seier oss nøgde. Av tjuetatte postulantar, er seksten eller sytten klare for å gå over i novisiat. Lat oss vurdera dei me er usikre på ein gong til. Me har Irmagard...

SØSTER BERTHE

Ærverdige Moder, det er inga tvil når det gjeld Irmagard – klosterlivet er ikkje noko for den fromme.

ABBEDISSA

Du meinar den som hevdar å vera from, Søster Berthe. Så er det Christina – og så er det Maria.

SØSTER BERTHE

No vel, etter i går kveld, trur eg ikkje Ærverdige Moder er i tvil når det gjeld Maria.

ABBEDISSA

Eg gav ho løyve til å forlata klosteret for ein dag.

SØSTER MARGARETTA

Det var det eg sa, Søster Berthe
(det bankar på døra)

ABBEDISSA

Ave!
(Søster Sophia kjem inn)

SØSTER SOPHIA

Ærverdige Moder, eg har med meg Maria. Ho ventar.

ABBEDISSA

Søster Sophia, den ansvarlege for postulantane og den ansvarlege for novisene er ikkje samde når det gjeld Maria. Kva tenkjer du om ho?

SØSTER SOPHIA

Eg likar ho svært godt. Men det er alltid mykje brudulje med ho, eller kva?

SØSTER BERTHE

Akkurat det sa eg òg!

MUSIKK 4: «MARIA»

Ho klyv i tre, og dette(r) ned

HAR KNEA FULL AV SÅR

SØSTER SOPHIA

HO VALSAR RUNDT PÅ KYRKJEVEG

OG PLYSTRAR NÅR HO GÅR

SØSTER BERTHE

OG UNDER HAKELINET

HAR HO PYNTEKRØLLA HÅR

SØSTER SOPHIA

HO SYNG OG TRALLAR INNI KLOSTERKYRKJA

SØSTER BERTHE

HO SOMLAR SEG TIL MESSE

SØSTER SOPHIA

MEN SÅ ANGRAR HO OG GRET

SØSTER BERTHE

HO ER FOR SEIN TIL ALT

MEN KJEM TIL MÅLTIDA OG ET

EG TENKJER MITT, MEN VEIT AT

DET ER IKKJE MITT GEBET

SØSTER BERTHE OG SØSTER SOPHIA

MARIA ER'KKJE KLAR FOR KLOSTERKYRKJA

SØSTER MARGARETTA

EG MÅ FÅ SEI EIT ORD I HENNAR STAD

(går til skrivebordet)

ABBEDISSA

Berre sei det, Søster Margarett.

SØSTER MARGARETTA

MARIA...GJER MEG...GLAD!

(ALLE ser på SØSTER BERTHE, ser så rett fram)

SØSTER SOPHIA

KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?

ABBEDISSA

KORLEIS FÅ FAST EIT VINDKAST I EI FORM

SØSTER MARGARETTA

KVA FOR EIT ORD SKAL BRUKAST OM MARIA?

SØSTER BERTHE
EI VÅSETE VIMSE

SØSTER SOPHIA
EIN ELDFLOGE-FE

SØSTER MARGARETTA
EIN STORM

ABBEDISSA
DET ER SÅ MANGT HO BURDE KUNNE LÆRA
(går fram, høgre side)
DET ER SÅ MANGT HO FAKTISK MÅ FORSTÅ

SØSTER MARGARETTA
MEN KORLEIS SKAL HO FÅ TIL
Å LYA, OG TEIA STILL

ABBEDISSA
KORLEIS FÅ STILLE BØLGJA FRÅ Å SLÅ

SØSTER MARGARETTA
JA, KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?

ABBEDISSA
KVEN KAN VEL SPINNE MÅNESTRÅLE-TRÅ

SØSTER MARGARETTA
INGEN VEIT KVA SOM KAN SKJE
OG HO FÅR MEG TIL Å LE
MEN EG SKJØNAR ALDRI SIKKERT KVA HO VIL

SØSTER BERTHE
UTILREGNELEG SOM VÊRET
FYK AV GARDE SOM EI SKJERE

SØSTER MARGARETTA
HO ER FESTLEG

SØSTER BERTHE
HO ER HESLEG!

SØSTER MARGARETTA
HO ER SNILL!

SØSTER SOPHIA
HO ER GALNARE ENN TI

SKREMMER DYRET FRÅ SITT HI

SØSTER BERTHE

ER USTANSELEG OG LETT
OG ENNO TUNG

SØSTER MARGARETTA

HO ER VARSAM
HO ER VILL

SØSTER SOPHIA

OG EIT GÅTE
I EIT SPILL

SØSTER BERTHE

ER EI PINE!

SØSTER MARGARETTA

ER EIN ENGEL

ABBEDISSA

HO ER UNG

ALLE

KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?
KORLEIS FÅ FAST EIT VINDKAST I EI FORM
KVA FOR EIT ORD SKAL BRUKAST OM MARIA?

SØSTER MARGARETTA

EI VÅSETE VIMSE

SØSTER SOPHIA

EIN ELDFLOGE-FE

SØSTER BERTHE

EIN STORM

ALLE

DET ER SÅ MANGT HO BURDE KUNNE LÆRA
DET ER SÅ MANGT HO FAKTISK MÅ FORSTÅ

ABBEDISSA

MEN KORLEIS SKAL HO FÅ TIL

SØSTER SOPHIA

Å LYA, OG TEIA STILL

SØSTER MARGARETTA

KORLEIS FÅ STILLE BØLJA FRÅ Å SLÅ

ALLE

JA, KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?
KVEN KAN VEL SPINNE MÅNESTRÅLE-TRÅ

MUSIKK 5: THE SCENE CONTINUES»

(Dei tre NONNENE bøyer seg og går ut ei bakdør, scene høgre. ABBEDISSA reiser seg)

ABBEDISSA

Ave!

(Maria kjem inn, armane er faldra over brystet, skjult under ein cape)

Kom hit, mitt barn.

(Maria krysser scenen til senter, kneler og kysser ringen til ABBEDISSA)

Set deg, Maria. Eg vil ha eit ord med deg.

(Maria set seg på krakken på høgre sida av skrivebordet)

MARIA

Ja, angående i gå. Ærverdige moder, eg knela og bad det meste av natta, fordi eg kom for seint – endå så snill du hadde vore og gjeve meg lov til å gå.

ABBEDISSA

Eg skal ikkje snakka med deg om at du var sein.

MARIA

Eg vekte visst halve klosteret, før søster Sophia høyrde meg og opna porten.

ABBEDISSA

Maria, svært få av oss fekk sove. Me var sikre på at du ikkje fann vegen, og å gå seg vill i fjellet om natta –

MARIA

Ærverdige moder, eg går meg ikkje vill i fjellet. Det er mitt fjell. Eg vaks opp der! Det var det fjellet som førde meg hit.

ABBEDISSA

Å?

MARIA

Då eg var lita jente, brukte eg å komma ned fjellsida her, og klatre opp i eit tre for å sjå inn i hagen dykkar. Eg såg søstrene arbeida, og eg høyrde dei synga på veg til vesper. Mange gonger gjekk eg opp fjellsida i mørkret – og eg song heile vegen.

(Maria slår hendene saman og held så armane over hovudet i ein energisk gest. Så tek ho seg i det, kikkar skuldig på ABBEDISSA, og faldar igjen hendene under capen)

Og då må eg tilstå endå eit regelbrot – eg song i går – og eg song utan løyve frå deg.

ABBEDISSA

Maria, det er berre her inne i klosteret det er lover for song.

MARIA

Det er den vanskelegaste regelen for meg. Søster Margaretta minner meg stadig på det – men for seint, etter at eg har byrja syngje.

ABBEDISSA

Og her om dagen, då du song for full hals ute i hagen –

MARIA

Men Moder, det var den slags song

ABBEDISSA

Eg stod i vindauge, og då du såg meg, slutta du.

MARIA

Ja, eg har tenkt mykje på det.

ABBEDISSA

Eg har òg tenkt på det. Eg ynskja du ikkje slutta synge. Då eg var eit barn, song eg den songen, og eg kan ikkje hugsa...

MUSIKK 6: «MY FAVORITE THINGS»

Vil du –

(ho oppmodar MARIA til å synge)

MARIA

(sit rak på krakken)

REGNDOGG PÅ ROSER OG VÊRHÅR PÅ KATTAR
SPEGLBLANKE KJELAR OG GLITDRANDE SKATTAR
KREMMARHUS FYLTE MED KANDIS TIL FEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

(Abbedissa gjev teikn til at MARIA skal reisa seg. MARIA frigjer hendene, tek scenen og kosar seg)

MARIA

KREMKVITE HESTAR OG PAIAR SOM KNASAR
KLOKKER SOM KIMAR OG SMÅSTEIN SOM RASAR
VILLGJESS I PLOG SOM FLYG SAMAN I BLEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

JENTER MED SLØYFER PÅ FINKJOLETASEN
SNØKORN SOM SMELTAR PÅ VIPPA OG NASEN
SOLA SOM RAUDNAR PÅ HIM'LEN I VEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

NÅR DET TORDNAR
NÅR DET LYNER,
ER EG TRIST OG LEI,
DÅ TENKJER EG PÅ ALT DET BESTE EG VEIT
OG SÅ KJENNES DAGEN GREI

(slår i bordet, blir flau)

ABBEDISSA

(dunkar takta med blyanten)

REGNDOGG PÅ ROSER OG VÊRHÅR PÅ KATTAR

(reiser seg og går fram på scena)

SPEGLBLANKE KJELAR OG GLITDRANDE SKATTAR

KREMMARHUS FYLTE MED KANDIS TIL FEST

DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

KREMKVITE HESTAR OG PAIAR SOM KNASAR

KLOKKER SOM KIMAR OG SMÅSTEIN SOM RASAR

VILLGJESS I PLOG SOM FLYG SAMAN I BLEST

DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

JENTER MED SLØYFER PÅ FINKJOLESTASEN

SNØKORN SOM SMELTAR PÅ VIPPA OG NASEN

SOLA SOM RAUDNAR PÅ HIM'LEN I VEST

DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

NÅR DET TORDNAR

NÅR DET LYNER,

ER EG TRIST OG LEI,

DÅ TENKJER EG PÅ ALT DET BESTE EG VEIT

OG SÅ KJENNES DAGEN GREI

MARIA

NÅR DET TORDNAR

ABBEDISSA

NÅR DET LYNER

BEGGE

ER EG TRIST OG LEI,

DÅ TENKJER EG PÅ ALT DET BESTE EG VEIT

OG SÅ KJENNES DAGEN GREI!

(svinger armane 8 gonger, endar med armane over hovudet)

MARIA

Moder! Me song så høgt me kunne begge to!

ABBEDISSA

Du har rett. Det er den slags song.

MARIA

Og song får meg alltid til å føla meg betre. Moder, kvar lærte du den songen?

ABBEDISSA

Eg òg vaks opp på fjellet.

(gjev teikn til at MARIA skal setje seg)

Maria... sjølv om du hadde sett oss over klostermuren, var du ikkje førebudd på korleis me lever her, var du vel?

MARIA

Nei, Moder, men eg ber og prøver.

ABBEDISSA

Sei meg Maria, kva er den viktigaste lærdomen du har fått her?

MARIA

Søkje Guds vilje og følgja den.

ABBEDISSA

Sjølvs om det er ei vanskeleg oppgåve?

MARIA

Sjølvs då.

ABBEDISSA

(reiser seg)

Maria, kjolen du hadde på deg då du kom til oss, er den framleis i klesrommet?

MARIA

Å nei Moder, eg trur den er gjeven til dei fattige. Søster Margareta sa at når me går i kloster, blir dei verdslege kleda våre... Ærverdige Moder, kvifor spør du?

ABBEDISSA

Maria, det ser ut til at det er Guds vilje at du skal forlate oss.

MARIA

Forlate? Reise her ifrå?

(reiser seg)

Å nei! Moder, ver så snill!

ABBEDISSA

Berre for ei stund, Maria

MARIA

Ikkje send meg vekk Moder, ver så snill. Det er dette eg vil. Dette er livet mitt.

ABBEDISSA

Men er du klar for det? Om du dreg ut i verda ei stund, så vil du kanskje komme tilbake til oss og forstå kva som er forventar av deg, og at me faktisk forventar det.

MARIA

Eg veit kva de forventar, Moder, og eg skal gjera mitt beste. Eg lovar.

ABBEDISSA

Maria

MARIA

Viss det er Guds vilje, så. Kvar skal eg dra?

ABBEDISSA

Til ein familie – ein familie med sju ungar.
Du likar jo ungar – du er flink med dei. Dei treng guvernante fram til september.

MARIA

Til september!

ABBEDISSA

(noterer ei adresse på ein lapp)

Kaptein von Trapp ventar deg i ettermiddag. Han er ein god mann – ein uredd mann. Han vart tildelt Maria Teresa-medaljen av keisaren. For heltemodig innsats i Adriaterhavet.

MARIA

Ein kaptein i marinen! Å, Moder, han er sikkert streng.

ABBEDISSA

Du blir ikkje sendt til eit slagskip.

(MARIA får adressa. Klosterklokkene kimer. MARIA kneler, ABBEDISSA gjer krossmerket på panna til MARIA)

Gud velsigne deg, Maria

MUSIKK 7: THE SCENE CONTINUES: «MY FAVORITE THINGS»

(MARIA byrjar gå, stansar)

MARIA

Ærverdige Moder. Har eg lov til å synge?

ABBEDISSA

Ja, mitt barn

(Ho går ut.

MARIA reiser seg, ser angrande rundt i rommet, byrjar synge til seg sjølv)

MARIA

DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

(SØSTER BERTHE kjem inn, ser klagande på MARIA, som sluttar å synge, og trekk seg tilbake).

Eg har fått løyve til å synge!

(MARIA går raskt ut)

Scene 4: Ein klostergong

(MARIA inn framme høgre og syng medan ho krysser scena)

MARIA

KREMMARHUS FYLTE MED KANDIS TIL FEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

JENTER MED SLØYFER PÅ FINKJOLESTASEN
SNØKORN SOM SMELTAR PÅ VIPPA OG NASEN
SOLA SOM RAUDNAR PÅ HIM'LEN I VEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

(SØSTER MARGARETTA kjem inn frå motsett side, dei går forbi kvarandre)

NÅR DET TORDNAR
NÅR DET LYNER,
ER EG TRIST OG LEI,
DÅ TENKJER EG PÅ ALT DET BESTE EG VEIT
OG SÅ KJENNES DAGEN GREI

SØSTER MARGARETTA

(ristar på hovudet)

KVEN KAN VEL SPINNE MÅNESTRÅLE-TRÅ?

(Ho går ut; blackout)

Scene 5: Daglegstova i von Trapp-villaen, same ettermiddag.

(Eit stort, to etasjes rom, stilfullt innreia i barokk-stil. Ei dør til spisestova og to store franske vindauge som går ut til terrassen. Gjennom vindauga ser ein fjella, ikkje langt borte. Mellom vindauga står ein praktfull porselen ovn. Til høgre ei dør til kapteinen sitt bibliotek. Ved denne døra går ei sirkelforma trapp opp til avsatsen i andre etasje; den formar ein liten balkong bak på scenen, over daglegstova. Ei dør frå balkongen, fører truleg til dei andre romma i 2. etasje. Til venstre for balkongen ser me nederste trinna av ei bua trapp til 3. etasje. I 1. etasje, framme på scenen, under balkongen, er doble dører mot gongen, som går til utedøra i huset. Der trappa buer seg, står eit lite bord med ein stol. Til venstre står ein sofa med ein enkel stol til høgre.)

Når teppet har gått opp, kjem KAPTEIN VON TRAPP inn på balkongen frå høgre. Han er uformelt kledd og les eit brev han har i handa. Han stoppar ved rekkverket, tek ei signalflyte i sølv opp av lomma, og bles eit tydeleg signal. Han ventar nokre sekund, og då ingen kjem, gjentek han signalet. Så går han ned trappa. Når han er halvvegs, og ser at ingen har komme, bles han eit anna signal. Med det same kjem FRANZ, hovmeisteren inn frå venstre. Han er ein middelaldrande mann, tidlegare kapteinen sin adjutant i den Keiserlege Marine. Han er kledd i hovmeisteruniform med arbeidsførkle og hanskar, har med eit metallbrett og ei pussefille)

FRANZ

Ja, kaptein?

KAPTEINEN

Eg kalla på hushalderska, og ho svara ikkje. Veit du kvifor?

FRANZ

Nokon gongar høyrer ho ikkje, kaptein.

FRAU SCHMIDT

(Kjem inn)

Beklagar herr von Trapp, eg var i telefonen. Goddag forresten, herr von Trapp. Me er glade for å ha deg heime igjen.

KAPTEINEN

Kvifor slutta den siste guvernanta?

FRAU SCHMIDT

Kven veit? Ho sa «No har eg fått nok av dette», og så gjekk ho.

KAPTEINEN

Kvifor? Har Louisa drive med pøbelstrekar igjen? La ho padde i senga hennar?

FRAU SCHMIDT

Ho klaga ikkje over det.

KAPTEINEN

(les brevet)

Neivel. Det kjem ei ny i dag. Og denne kan ikkje sei opp.

FRAU SCHMIDT

Å?

KAPTEINEN

Ho kjem frå Nonnberg-klosteret med ordre om å bli her til september.

FRAU SCHMIDT

Eg håpar De blir heime ei stund, herr von Trapp.

KAPTEINEN

Eg reiser i morgon. Den telefonoppringinga – var den til meg?

FRAU SCHMIDT

Nei, herr von Trapp, den var til Franz. Før De kom var det ein telefon frå Wien – ei Frau Schröder. Eg har nummeret på kammerset.

KAPTEINEN

Eg kjenner nummeret. Og vidare, så er eg tilbake med nokre gjester om ein månads tid.

FRAU SCHMIDT

Javel, herr von Trapp. Veit De kor mange?

KAPTEINEN

Berre to. Herr Detweiler –

FRANZ

Ah, Herr Detweiler

KAPTEINEN

Og Frau Schröder.
(Han går ut)

FRANZ

Kven var det som ringte meg?

FRAU SCHMIDT

Det var postkontoret. Dei har eit telegram til deg. Det blir levert klokka sju.

FRANZ

Klokka sju! Då kan eg grue meg fem timar.

FRAU SCHMIDT

(går opp trappa)
Med eit slikt svimete postbod –

FRANZ

Jodå, det er som folk seier – viss tyskarane hadde tatt over Austerrike, hadde det blitt orden i sakene (effektivitet?).

FRAU SCHMIDT

Ikkje sei slikt når kapteinen høyrer.
(KAPTEINEN bles i flyta utanfor, Frau Schmidt kvepp til, skremd)
Han plystra ikkje på oss då kona hans levde.

FRANZ

Han er visst blitt skipskaptein igjen.
(KAPTEINEN bles igjen)

FRAU SCHMIDT

Eg fordrar ikkje å bli plystra på – det er nedrig.

FRANZ

I den Keisarlege Marine plystra alltid båtsmannen på oss.

(Det ringer på døra)

FRAU SCHMIDT

Men eg har ikkje vore i den Keisarlege Marine.

FRANZ

Synd. Du kunne ha tent deg rik.
(Han går ut i gongen, til utedøra. FRAU SCHMIDT kjem ned trappene og går inn i biblioteket. FRANZ kjem inn igjen, fylgt av MARIA)
Du kan vente her.
(han går ut)

MUSIKK 8: THE SCENE CONTINUES

(MARIA har på seg ein kjole designa av ein kvinnehatar og ein lite kledeleg hatt. Ho ber på ein tøy bag og ein gitarkasse. Ho kjem blygt inn i rommet og ser med ærefrykt på det vakre interiøret. Ho set frå seg gitaren og går til vindauge, tek forsiktig på porselen-omnen i det ho passerer. Klosterklokkene høyrer, ho kneier, bøyer hovudet og bed ei kort bøn

KAPTEINEN kjem frå biblioteket, framleis med brevet i handa. Når han ser Maria i bøn, stoppar han. Maria krossar seg og reiser seg)

KAPTEINEN

Eg er Kaptein von Trapp. Og De er Fraulein...

MARIA

Maria. Maria Rainer

KAPTEINEN

Javel, Fraulein, når det gjeld pliktene Dykkar her -

(han legg brått merke til kjolen hennar)

Vil De vera så venleg å komme hit?

(han peikar på ein stad midt i rommet)

De tek på Dykk ein anna kjole før De møter borna.

MARIA

Eg har ikkje ein anna kjole. Då me kom til klosteret, vart dei verdslege kleda våre gjevne til dei fattige.

KAPTEINEN

Kva med denne?

MARIA

Dei fattige ville ikkje ha den.

KAPTEINEN

Kallar De den ein verdsleg kjole?

MARIA

Den var den førre postulanten sin. Eg ville ha sydd meg ein kjole, men eg fekk ikkje tid. Eg kan sy mine eigne klede.

KAPTEINEN

Godt. Eg skal sjå til at De får stoff – i dag, om mogleg. De vil altså få ansvar for borna mine. Det er sju av dei. De vil finne ut av kor langt dei er komne i studia sine, og fortsette derifrå. Kvar formiddag skal de bruka i klasserommet. Kvar ettermiddag marsjerer dei. De ser til at dei til ei kvar tid ter seg med orden og etikette. Regel nummer ein her i huset er disiplin.

MARIA

Ja, herr von Trapp

(KAPTEINEN tek ut signalflyta og bles eit skingrande signal, medan BORNA kjem frå begge sidene av balkongen, utedøra, dei franske vindauga og biblioteket og står til

slutt på ei rett linje med GRETL og MARTA i trappa, KURT; LOUISA; FRIEDRICH og LIESL, i den rekkefølgen, på balkongen, bak dei. Dei er kledde i kvite matrosdressar; jentene sjølvsagt i kvite skjørt. KAPTEINEN endrar signalet til eit som betyr marsjering, og leia av GRETL, marsjerer dei ned trappa, gjer ein militær vending til venstre når dei kjem ned, og stiller seg opp tvers over scenen. MARIA ser svært overraska på opptrinnet. Det er ledig plass mellom MARTA og KURT. BRIGITTA kjem sakte frå spisestova, ho les i ei bok. KAPTEINEN tek boka frå henne, legg den på sofaen og gjev ho eit strengt klaps på baken, som sender ho av garde på plass i formasjonen. KAPTEINEN krysser føre dei, til Liesl si side, og snakkar til dei)

KAPTEINEN

Dette er den nye guvernanta dykkar – Fraulein Maria. Når eg bles signalet dykkar, tek de eit skritt fram og seier kva de heiter. De, Fraulein Maria lyttar og lærer signala, slik at De kan kalle på kvar enkelt, når det er naudsynt.

(Han bles dei ulike signala. KVART BARN responderer til sitt signal, trør fram i militær stil, melder av namnet sitt og stiller seg tilbake i linja. KAPTEINEN går til Maria og tek ei fløyelsøskje frå lomma si med ei signalflyte oppi. Han gjev den til Maria)

No Fraulein, lat oss høyra kor godt De har fylgt med.

MARIA

(Noko forvirra tek ho fløyta ut av øskja)

Eg treng ikkje plystre på dei, Ærverdige Kaptein... eg meinar, eg skal jo vera saman med dei heile tida.

KAPTEINEN

Ikkje heile tida. Dette er eit stort hus og ein stor eigedom. Dei er opplærde til kun å komme når dei høyrer sitt signal. Og, når eg ynskjer tak i Dykk, høyrer du dette.

(kapteinen plystrar guvernante-signalet)

MARIA

De kan spara Dykk bryet, kaptein von Trapp, fordi eg svarar ikkje til ei fløyte.

KAPTEINEN

For noko tull. Kvar og ein i dette huset svarar til ei fløyte. Berre sjå.

(han bles hovmeisteren sitt signal)

FRANZ

(kjem frå høgre og blir ståande i giv-akt)

Ja, kaptein?

KAPTEINEN

Dette er adjutanten min - hovmeisteren min. Den nye guvernanta – Fraulein Maria

(Han bles hushalderska sitt signal)

FRAU SCHMIDT

(inn på balkongen)

Ja, herr von Trapp?

KAPTEINEN

Dette er min nestkommanderande, Frau Schmidt, husholderska. Fraulein Maria. Sjå til at rommet hennar er klart.

FRAU SCHMIDT

Ja, herr von Trapp.

FRANZ tek MARIA si veske og går opp trappa til FRAU SCHMIDT)

KAPTEINEN

No overlèt eg borna til Dykk. De har kommandoen.

(Han byrjar gå ut. MARIA bles eit signal i fløyta. Han stoppar og snur seg)

MARIA

Beklagar, herr von Trapp – eg veit ikkje korleis eg skal titulera Dykk.

KAPTEINEN

De kallar meg kaptein.

MARIA

(går til KAPTEINEN)

Takk, kaptein. Eg gløymte å levere tilbake denne fløyta, kaptein. Eg treng den ikkje, kaptein.

(han tek fløyta og går ut. FRANZ og FRAU SCHMIDT går opp i tredje etasje. MARIA snur seg til BORNA, klappar i hendene og overraskar dei)

Javel, no når det berre er oss her, kan de sei namna dykkar ein gong til, og sei kor gamle de er. No er de -?

(Kvart av BORNA tek eit militært steg fram, snakkar og stig tilbake)

LIESL

Eg er Liesl. Eg er seksten år og eg treng ikkje guvernante.

MARIA

(med det same LIESL er ferdig)

Det er eg glad for at du seier. Me kan berre vera vener.

(LIESL går tilbake, FRIEDRICH stig fram)

FRIEDRICH

Eg er Friedrich. Eg er fjorten. Eg er ein gut.

MARIA

(når FRIEDRICH nett er ferdig)

Gut? Men du er då snart ein mann.

(FRIEDRICH ser nøgd ut. LOUISA signaliserer til JENTENE, som fniser)

LOUISA

Eg er Brigitta.

MARIA

(går bak LOUISA og løfter på flettene hennar)

Du sa ikkje kor gammal du er, Louisa

BRIGITTA

(Stig fram)

Eg er Brigitta. Ho er Louisa og ho er tretten år og du er smart. Eg er ni og eg syns kjolen din er det styggaste eg nokon gong har sett.

KURT

(Stig fram)

Brigitta, sånn må du ikkje sei.

BRIGITTA

Kvifor ikkje? Syns ikkje du den er stygg?

KURT

Hadde eg tenkt det, så hadde eg ikkje sagt det.

(går i «rett» stilling)

Eg er Kurt. Eg er elleve – nesten.

MARIA

Det er ein fin alder, elleve – nesten.

MARTA

(stig fram, dreg i skjørtet sitt)

Eg er Marta, og eg blir sju på tysdag, og eg ynskjer meg ein rosa parasoll.

MARIA

Rosa er ynlingsfargen min òg.

(GRETL stig fram og trampar med foten)

Og du er Gretl.

(GRETL smiler og hoppar i armane hennar)

Eg skal fortelje deg noko.

(MARIA set seg på stolen ved sofaen og set GRETL på golvet vedsida av seg)

Eg har aldri vore guvernante før. Kva må er byrje med?

LOUISA

(spring bort til Maria)

Meinar du at du ikkje veit korleis du skal vera guvernante?

MARIA

Nei.

LOUISA

Det fyrste du må gjera er å be far min passa sine eigne saker.

KURT
Nei, Louisa, slutt. Eg likar ho.

BRIGITTA
(tek gitarkassen)
Kva er i denne?

MARIA
Gitaren min.

BRIGITTA
Kvifor har du med deg den?

MARIA
Til når me skal synge ilag.

MARTA
(BRIGITTA tek gitaren ut av kassen)
Me syng ikkje.

MARIA
Klart de syng. Alle syng. Kva songar kan de?

KURT
Me kan ingen songar.

MARIA
(tek gitaren frå BRIGITTA)
Ingen songar?

ALLE
Nei

MARIA
Då veit eg kva me skal byrje med. Eg skal lære dykk å synge.
(ho spelar på gitaren)

MUSIKK 9: «DO-RE-MI»

ME BYRJAR SÅ KLART IFRÅ STARTEN
EIN YPPARLEG STRATEGI
NÅR DU LES BYRJAR DU MED

GRETL
A, B, C

MARIA

NÅR DU SYNG BYRJAR DU MED DO RE MI

BORNA

DO RE MI?

MARIA

DO RE MI.
DEI TRE KAN BLI TIL
EIN MELODI
DO RE MI

BORNA

DO RE MI

MARIA

DO RE MI FA SO LA TI

Lat meg gjera det litt enklare. Høyr her
(tek gitaren og krysser til sofaen)

DO – EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ
RE – OPP SENG, FÅ DET GJORT
MI – DU VAKRE JENTA MI
FA – I FART, OG DET GÅR FORT
SO – EIN ÅKER, DET ER VÅR
LA – OSS HAUSTE SOM ME SÅR
TI – DEI FINGRANE ME FÅR
OG SÅ ENDAR ME PÅ DO!
Å-Å-Å

GRETL

DO!

MARIA

EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ

BORNA

RE!

MARIA

OPP SENG, FÅ DET GJORT

BORNA

MI!

MARIA

DU VAKRE JENTA MI

BORNA

FA!

MARIA

I FART, OG DET GÅR FORT
SO!

ALLE

EIN ÅKER, DET ER VÅR

LA – OSS HAUSTE SOM ME SÅR
TI – DEI FINGRANE ME FÅR

MARIA

OG SÅ ENDAR ME PÅ

BORNA

DO – EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ
RE – OPP SENG, FÅ DET GJORT
MI – DU VAKRE JENTA MI
FA – I FART, OG DET GÅR FORT
SO – EIN ÅKER, DET ER VÅR
LA – OSS HAUSTE SOM ME SÅR
TI – DEI FINGRANE ME FÅR

MARIA

OG SÅ ENDAR ME PÅ DO!
DO RE MI FA SO LA TI DO...

BORNA

SO DO!

BRIGITTA

(går til MARIA)

Kallar du det ein song? Do re mi fa so og så vidare?

MARIA

Nei. Do re mi fa so og så vidare er verktøyet me brukar for å byggje songar. Når me har desse notene i hovudet, kan me synga ein million ulike melodiar.

FRIEDRICH

Korleis?

MARIA

Me flyttar rundt på dei. Høyr her.

MUSIKK 9A: ENCORE: «DO-RE-MI»

SO DO LA FA MI DO RE
Og så dykk.

BORNA

SO DO LA FA MI DO RE

MARIA

SO DO LA TI DO RE DO

BORNA

SO DO LA TI DO RE DO

MARIA

No set me det saman

BORNA

SO DO LA FA MI DO RE

SO DO LA TI DO RE DO	
	BRIGITTA
Men det betyr ingenting.	
	MARIA
Så legg me til ord – eit ord for kvar note.	
NÅR DU HAR LAGT ORDA TIL	
KAN DU SYNGA KVA DU VIL	
	BRIGITTA
Du sa eit ord for kvar tone	
	MARIA
Ja, Brigitta. Det gjorde eg.	
	BRIGITTA
Men når du syng –	
(ho syng)	
«Syn-ga» brukar du to tonar på eit ord.	
	MARIA
Ja. Det er rett. Av og til gjer me det. No, syng me ilag. Og –	
(gjev gitaren til BRIGITTA, som set den bak sofaen)	
	ALLE
NÅR DU HAR LAGT ORDA TIL	
KAN DU SYNGE KVA DU VIL	
	GRETL
DO –	
	ALLE
EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ	
	MARIA
RE	
	ALLE
OPP SENGA, FÅ DET GJORT	
	BRIGITTA
MI	
	ALLE
DU VAKRE JENTA MI	
	KURT
FA	
	ALLE
I FART, OG DET GÅR FORT	
	LOUISA
SO –	
	ALLE
EIN ÅKER, DET ER VÅR	
	FRIEDRICH
LA –	
	ALLE
OSS HAUSTE SOM ME SÅR	

TI – LIESL

ALLE

DEI FINGRANE ME FÅR
OG SÅ ENDAR ME PÅ DO!

(MARIA går bak BORNA og dunkar dei lett oppå hovudet, som om ho spelar xylofon. Dei syng: «Do» - GRETLE; «Re» - MARTA; «Mi» - BRIGITTA; «Fa» - KURT; «So» - LOUISA; «La» - FRIEDRICH; «Ti» - LIESL)

DO RE MI FA SO LA TI DO
DO TI LA SO FA MI RE
DO MI MI MI SO SO,
RE FA FA LA TI TI

(BORNA repeterer denne frasa medan MARIA syng)

MARIA
NÅR DU HAR LAGT ORDA TIL
KAN DU SYNGE

BORNA
KVA DU VIL

(Med MARIA i front, marsjerer ALLE rundt i rommet. Dei endar ved sofaen, MARIA set seg ned, med BORNA rundt)

ALLE
DO – EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ
RE – OPP SENG, FÅ DET GJORT
MI – DU VAKRE JENTA MI
FA – I FART, OG DET GÅR FORT

MARIA
SO – EIN ÅKER, DET ER VÅR

BORNA
EIN ÅKER, DET ER VÅR

MARIA
LA – OSS HAUSTE SOM ME SÅR

BORNA
OSS HAUSTE SOM ME SÅR

MARIA
TI – DEI FINGRANE ME FÅR

BORNA
DEI ME FÅR

MARIA
OG SÅ ENDAR ME PÅ DO!

ALLE
OG SÅ ENDAR ME PÅ...

(MARIA syng nedover på skalaen til siste «Do» er i «bass-register»)

MARIA
DO TO LA SO FA MI RE DO

ALLE

(ropar)
Do!
(blackout)

MUSIKK 10: CHANGE OF SCENE

Scene 6: Utanfor villaen, same kveld.

(Me ser villaen og muren rundt den. I midten ein steinbenk. LIESL kjem inn, snur seg og vinkar til nokon utanfor scenen)

LIESL

God natt, Rolf

ROLF

(trillar sykkelen sin)
Liesl!

LIESL

Ja?

ROLF

Du treng ikkje sei god natt allereie, berre fordi far din er heime.

LIESL

Korleis veit du at far er heime?

ROLF

Å, det er mykje eg veit.

LIESL

Du er makelaus!

ROLF

(set frå seg sykkelen)
Å, nei. Det er eg ikkje – eigetleg.

LIESL

Jo, det er du. Korleis kunne du vita for to dagar sidan at du kom til å vera her i kveld, med eit telegram til Franz?

ROLF

(føl etter ho)
Han får eit bursdags-telegram frå søster si kvart år på denne datoen.

LIESL

Der kan du sjå – du er makelaus!

ROLF

Kan eg komma tilbake i morgon kveld?

LIESL

(sit på benken)

Rolf, du kan ikkje vite om du skal levere eit telegram her i morgon kveld.

ROLF

(sit ved sida av ho)

Eg kan ha gått feil - med eit telegram til oberst Schneider. Han har komme hit frå Berlin. Han bur hos Gauleiter, men eg –

(brått brydd)

Ingen må få vite at han er her. Ikkje sei noko til far din.

LIESL

Kvifor ikkje?

ROLF

Fordi, far din er ganske austerriksk

LIESL

Me er austerrikske alle saman

ROLF

Nokon syns me burde vera tyske. Dei er ganske forbanna på dei som ikkje syns det. Dei gjer seg klare til å... Me får håpa at far din ikkje får vanskar.

(han går til sykkelen)

LIESL

(reiser seg)

Ikkje bekymre deg for far. Han har fått medalje for vågemotet sitt.

ROLF

Eg veit det. Eg er ikkje bekymra for han. Den einaste eg er bekymra for er dotter hans.

MUSIKK 11: «SIXTEEN GOING ON SEVENTEEN»

LIESL

Meg? Kvifor det?

(ROLF gjev teikn til at ho skal stå på benken. Ho gjer det, og han granskar ho)

ROLF

Kor gammal er du, Liesl?

LIESL

Seksten. Kva er gale med det?

ROLF

HER STÅR DU, MIN VEN, OG DU VENTAR SPENT
PÅ NESTEN-VAKSEN-LIVET
VISS DU VAR EI BOK, BLIR EIT NYTT BLAD VENDT
OG MENN VIL GJERNE SKRIVE

LIESL

VIL SKRIVE

ROLF

DU ER SEKSTEN, GANSKE SNART SYTTEN ÅR,
NO MÅ DU TENKJE SMART
VER LITT PÅ VAKT
VER VENLEG OG TAKTFULL
KNUPPEN, NO ER DET KLART

DU ER SEKSTEN, GANSKE SNART SYTTEN ÅR,
KARANE STÅR I KØ
IVRIGE, VARME
FYRAR MED SJARME
FREISTAR MED VIN OG BRØD

UFØREBUDD OG NY ER DU
I MØTE MED EIN MANN
SART OG SJENERT OG SKY ER DU
FOR ALT DU IKKJE KAN

DU TRENG EIN MED VETT OG ERFARING
EIN SOM KAN VISA VEG

(LIESL set seg på benken)

EG ER SYTTEN, GANSKE SNART ATTEN

(ROLF set seg og tek rundt skuldrene hennar)

EG SKAL NOK PASSA PÅ DEG

(LIESL dansar. Når dansen går mot slutten, set ROLF seg på sykkelen, som for å gå; LIES skundar seg til han)

EG ER SEKSTEN, GANSKE SNART SYTTEN ÅR
KANSKJE EG ER NAIV
TREFF EG PÅ KARAR
TRUR EG EG KLARAR
SJÅ DET I PERSPEKTIV

EG ER SEKSTEN, GANSKE SNART SYTTEN ÅR,
VIL GJERNE KALLAST KLOK

(ROLF flyttar sykkelen fram på scena, LIESL følg etter)

ALT DET EG VEIT

OM MANNFOLK OG DATE
ER KUNNSKAP IFRÅ EI BOK

(ROLF flyttar sykkelen sakte til høgre på scena, LIESL føl etter)

UFØREBUDD OG NY ER EG
I MØTE MED EIN MANN
KANSKJE ÒG SART OG SKY ER EG
FOR ALT EG IKKJE KAN

EG TRENG EIN MED VETT OG ERFARING

(LIESL tek tak i jakka hans)

EIN SOM KAN VISA VEG

(ROLF set frå seg sykkelen, går tilbake til LIESL)

DU ER SYTTEN, GANSKE SNART ATTEN
DU KAN NOK PASSA PÅ MEG

(Dei dansar. LIESL står som ei dokke, og ROLF korrigerer ved å bevege armene hennar. Han knipsar og ho gjer ein «spansk step». Ho byrjar valse, og blir forvirra då ho ikkje veit kva ho gjer med armene. Han viser og ho dansar til ho tek rundt han. Dei kysser nølande, så tek ho armene hans rundt livet sitt, og dei kyssar heftigare. ROLF gjer seg fri, og forvirra hoppar han på sykkelen sin og sykklar ut. LIESL hoppar og jublar av glede, og syns ho har gjort framskritt)

LIESL

Ouhu!

(Ho spring ut. Blackout)

MUSIKK 12: CHANGE OF SCENE

Scene 7: Rommet til Maria, seinare same kveld.

(Skråtalet fortel me er i øvste etasje i villaen. Døra til gongen er bak på scena. Til venstre for døra, eit garderobeskap med doble dørar. Til venstre for skapet; eit vindauge. Til høgre for gong-døra er ein alkove med draperte gardiner i gul og brun kretong, same stoffet som gardinene i vindauget. Under alkoven, står Maria si doble messingseng med ei tjukk edderdundyne. Gitarkassen på golvet framom vindauget. Det bankar på døra)

FRAU SCHMIDT *(off-stage)*

Fraulein Maria!

(ho kjem inn døra, ber på ein bunke stoff)

Fraulein Maria, det er Frau Schmidt.

MARIA *(off-stage)*

Eg skulle til å leggje meg

FRAU SCHMIDT

Kapteinen dreg til Wien i morgon. Her er stoffet han bestilte, til ny kjole.

MARIA (*off-stage*)

Å, det var snilt.

(Ho kjem inn frå alkoven og har på seg nattkjole under ei morgonkåpe.

FRAU SCHMIDT gjev ho stoffet)

Sjølv før den er laga, er dette den vakraste kjolen eg nokon gong har hatt. Eg håpar kapteinen kjem til å lika den, fordi eg vil be han om meir stoff.

FRAU SCHMIDT

Meir?

MARIA

Ikkje til meg – til borna. Klede å leike i.

(ho tek med seg stoffet inn i alkoven)

FRAU SCHMIDT

Von Trapp-bornar leikar aldri.

(går til vindauget og lukkar gardinene)

Kapteinen ynskjer ikkje at dei skitnar seg til.

MARIA

(kjem inn igjen)

Men dei er då ungar. Dei skal klatra i tre og rulla seg i graset. Kva med alle steinane og hålene –

FRAU SCHMIDT

Kapteinen seier den beste mosjonen er marsjering. Bornar skal halde fram med å marsjera. Eg håpar du finn deg til rette i rommet ditt.

MARIA

Ja, tusen takk.

FRAU SCHMIDT

(går til senga og rettar på dyna)

Det kjem nye gardiner til vindauget og alkoven. Dei blir hengde opp i morgon.

MARIA

(ved vindauget)

Men desse gardinene er då fine.

FRAU SCHMIDT

Det kjem nye gardiner.

MARIA

(måler gardinene frå armen til nasen)

Blir kapteinen lenge vekke?

FRAU SCHMIDT

Det veit eg ikkje. Han kjem sjølv sagt heim kvar gong han må tilsette ny guvernante. Eg trur borna somme tider blir kvitt guvernantene berre for å få sjå far sin.

MARIA

(Tek gitarkassen)

Han ynskjer vel òg å komme heim til dei.

FRAU SCHMIDT

Etter kona hans død, minner dei han for mykje om ho.

(legg merke til gitaren)

Den kan du leggje vekk. Du får ikkje bruk for den.

MARIA

Kvifor ikkje?

FRAU SCHMIDT

Kapteinen tillèt ikkje musikk.

MARIA

Tillèt han ikkje musikk?

FRAU SCHMIDT

Og han som elska musikk. Me hadde makelause kveldar her. Kona hans song, og han spela fiolin eller gitar. Men no har han stengt alt det der ute av livet sitt.

MARIA

Så det er derfor han er som han er. Det er ikkje bra for han å ikkje ha musikk – ikkje for ungane heller.

(ho set gitaren tilbake i alkoven)

FRAU SCHMIDT

Det løyser seg. Kapteinen giftar seg truleg før sommaren er over.

MARIA

(inn igjen)

Då blir alt annleis. Då har dei ei mor igjen.

FRAU SCHMIDT

(vil gå)

Det kjem regn. Du får lukke vindauget.

(ho går ut. MARIA knelar i bøn ved senga)

MARIA

Kjære Gud. Eg skjønar no at du har sendt meg hit på eit oppdrag. Eg må hjelpa desse ungane til å lære å bli glad i den nye mora si, og førebu dei på å vinne hennar kjærleik, slik at ho alltid vil ynskja å ha dei hos seg. Og eg bed om at dette vil bli ein lukkeleg familie under Dykkar åsyn. Gud velsigne kapteinen. Gud velsigne Liesl, og Friedrich, Louisa, Brigitta, Marta og vesle Gretl – og ja, eg gløymte han andre guten – kva var namnet hans? Uansett, Gud velsigne han òg!

MUSIKK 13: INCIDENTAL – SCENE 7

(Lyn og torebrak. LIESL kjem inn gjennom vindauget. Kjolen er skitten. Ho listar seg mot døra. MARIA ser ho i sidesynet, men fortset som før)

Gud velsigne, Ærverdige Moder og søster Margareta og alle i Nonnberg-klosteret. Og kjære Gud, angående Liesl –

(LIESL stansar og stirer skrømt på MARIA)

Hjelp ho å forstå at eg er hennar ven, og hjelp ho til å fortelje meg kvar ho har halde på med.

LIESL

Kjem du til å sladre?

MARIA

(stoppar ho med ein gest)

Hjelp meg til å forstå, slik at eg kan rettleia henne. I namnet åt Faderen og sonen og den heilage Ande. Amen.

(MARIA reiser seg)

LIESL

Eg var ute og gjekk ein tur, og så låste nokon døra tidlegare enn vanleg – og eg ville ikkje vekkja heile huset – så då eg såg at vindauge ditt var ope... Du kjem ikkje til å sei det til Far, gjer du?

MARIA

(ser ut vidauget)

Klatra du i sprinkelverket for å komma opp hit?

LIESL

Det er slik me alltid har komme oss inn i dette rommet for å drive gjøn med guvernantene.

(stolt)

Louisa kan klatre opp med ei padde i handa.

MARIA

Liesl, var du ute og gjekk åleine?

(LIESL ristar bekreftande på hovudet)

Viss me skyl opp kjolen din i kveld, vil ingen leggje merke til det i morgon. Då vil alt dette berre vera mellom meg og deg. Du kan ta på deg denne –

(ho tek av seg morgonkåpa og legg den rundt LIESL sine skuldre)

Ta med kjolen inn dit og legg den i bløyt i badekaret.

(lyn og torebrak. Dei held redd rundt kvarandre)

Og kom tilbake hit på sengekanten min, så tek me oss ein prat.

LIESL

Eg sa at eg ikkje trengte ei guvernante. Kanskje gjer eg det likevel.

(ho går inn i alkoven. Lyn og tore. MARIA kikkar under dyna etter moglege padder.

GRETl kjem inn i nattkjole)

MARIA

Å, er det deg, Gretl. Er du redd?

(GRETl ristar på hovudet .Lyn og torebrak. GRETl hoppar opp i senga til MARIA)

Du er ikkje redd for torevær, er du? Berre bli her hos meg. Kvar er dei andre?

GRETL

Dei søv. Dei er ikkje redde.

(lyn og torebrak. BRIGITTA, LOUISA og MARTA kjem springande i nattkjole)

MARTA

Vent på meg!

MARIA

(til GRETLE)

Ikkje det? Ser du.

(til dei andre)

Kom igjen. Opp i senga.

(dei tre jentene hoppar opp i senga)

No treng me berre venta på gutane.

LOUISA

Dei kjem ikkje. Gutar er modige.

(lyn og tore. KURT og FRIEDRICH kjem inn i pysjamas)

MARIA

De er vel ikkje redde de òg, gutar?

KURT

Å nei, me skulle berre vera sikre på at de ikkje var det.

MARIA

Var det din idé, Friedrich?

FRIEDRICH

Nei, det var Kurt sin.

MARIA

Det var det! Kurt. Det var han eg hadde gløymt.

(ser opp)

Gud velsigne Kurt.

(lyn og tore. Gutane spring til foten av senga)

MARTA

Kvifor gjer det slik?

MARIA

Vel, lynet seier noko til torebraket og torebraket svarar.

MARTA

Eg skulle ynskje det ikkje svara så høgt.

MARIA

Viss me syng høgt ilag, høyrer me kanskje ikkje torevēret.

MUSIKK 14: «THE LONELY GOATHERD»

(BORNA sit i ein halvsirkel ved senga, MARIA i fotenden. BORNA sit i følgande rekkefølge frå scene høgre: KURT, MARTA, GRETL, BRIGITTA, LOUISA, FRIEDRICH)

MARIA

HØGT PÅ EIT FJELL STOD EIN EINSAM GJETAR
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 STEMMA HANS GJALLA I BERG OG VETAR
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO

FOLK INNI LANDSBYEN HØYRDE LÅTEN
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 VAKKERT DET VAR, DEI VART HEILT PÅ GRÅTEN
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO

O-HO-LEI-ODL-LEI-O, O-HO-LEI-ODL-LEI
 O-HO-LEI-ODL-LEI-O, LEI-ODL-LEI-O-LEI

EIN PRINS I SI BORG HØYRDE OGSÅ STÅKET
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 MENN PÅ EIT TORG, SLUTTA BRÅTT Å BRÅKE
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO
 BUSKAPEN LYDDE OG SPISSA ØYRE
 SKÅLANDE MANNFOLK PÅ BAR FEKK HØYRE
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO

O-HO-LEI-ODL-LEI-O, O-HO-LEI-ODL-LEI
 O-HO-LEI-ODL-LEI-O, LEI-ODL-LEI-O-LEI

(lyn og torebrak, GRETJ hoppa opp på senga, DEI ANDRE dukkar seg)

EI LITA JENTE MED LANGE FLETTER
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 LYFTA PÅ HOVET OG JODLA ETTER
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO
 HØGT MELLOM FJELLA DUETTEN GJALLA
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 JENTA OG GJETAREN SONG OG TRALLA
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO

(DEI ANDRE JENTENE hoppa opp i senga)

O-HO-LEI-ODL-LEI-O, O-HO-LEI-ODL-LEI
 O-HO-LEI-ODL-LEI-O, LEI-ODL-LEI-O-LEI

LUKK'LEGE ER DEI -DI O LEI-DI LI O
(ALLE voggar i rytme)
 O LEI-DI O ODL LEI DI O
 SNART BLIR DUETTEN EIN TRAVEL TRIO!
 LEI-ODL, LEI-ODL -LEI!
 HODL LE-I

LIESL
(med hovudet ut av alkoven)
 HODL LE-I
 MARIA
 HODL LE-I
 LIESL
 HODL LE-I
 MARIA
 HODL LE-I
(FRIEDRICH gøymmer seg i klesskapet, GRETL dreg LIESL inn i rommet)
 LIESL
 HODL LE-I
 MARIA
 HODL LE-I
 BORNA
 O-HO-LEI-ODL-LEI-O, O-HO-LEI-ODL-LEI
 O-HO-LEI-ODL-LEI-O, LEI-ODL-LEI-O-LEI
 MARIA
 EI LITA JENTE MED LANGE FLETTER
 FRIEDRICH
(stikk hovudet ut av klesskapet)
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
 MARIA
 LYFTA PÅ HOVET OG JODLA ETTER
 GRETL
(Dreg FRIEDRICH ut av klesskapet)
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO
 MARIA
 HØGT MELLOM FJELLA DUETTEN GJALLA
 LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O
(Marsjerer ned, midt på scena, BORNA samlar seg)
 JENTA OG GJETAREN SONG OG TRALLA
 LEI-ODL, LEI-ODL -LO
(formar hendene til ei trakt)
 HODL-LE-I
 BORNA

HODL-LE-I	MARIA
HODL-LE-I	BORNA
HODL-LE-I	MARIA
HODL-LE-I-I	BORNA
HODL-LE-I-I	MARIA
HODL-LE-I	
HODL-LE-I	BORNA
<i>(klemmer MARIA)</i>	
HODL-LE-I	MARIA
HODL-LE-I	BORNA
<i>(BRIGITTA, LOUISA, MARTA hoppar opp i senga)</i>	
HODL-LE-I	MARIA
HODL-LE-I	BORNA
<i>(GRET, FRIEDRICH hoppar opp i senga)</i>	
HODL-LE-I	MARIA
<i>(hoppar opp i senga)</i>	
HODL-LEI ODL LEI ODL EI!	
<i>(ALLE dett ned, utanom MARIA; torebrak og BLACKOUT)</i>	

MUSIKK 15: AFTER «THE LONELY GOATHERD»

Scene 8: Ein koridor i villaen.

(Musikken held fram, GRET, kjem inn med eit tent talgelys, etter ho; MARTA, BRIGITTA og LOUISA. LOUISA held i nattkjolen til GRET, BRIGITTA held LOUISA sin og MARTA held i BRIGITTA sin. Torebrak. Dei nøler, så går dei, og GRET byrjar tappert, men skjelvande, å synge)

MUSIKK 15A: GRET'S CROSSOVER

	GRET
O HO LEI DI ODL LEI O	
O HO LEI DI ODL LEI	
O HO LEI DI ODL LEI O	

(torebrak. MARTA, LOUISA og BRIGITTA snur og spring ut. GRETL, som ikkje får med seg dette, fortset, oppdagar så at noko er gale. Ho grip bak seg etter dei andre, snur, og ser at ho er åleine. Nytt torebrak. Ho spring ut; Blackout)

MUSIKK 15B: CHANGE OF SCENE

Scene 9: På terrassen ved villaen, seks veker seinare.

(Villaen til høgre. Terrassen har utgang frå daglegstova, og folk kjem difor ut dit gjennom dei franske vindauga me har sett tidlegare, inne i daglegstova. Over vindauga, ei stripe persienne, og eit terrassebord og to stolar i nærleiken. På bordet står eit brett med kaffiservise. Bak på scena, der huset sluttar, byrjar ein kort balustrade med ei potteplante i enden. Ein utgang fører til hagen mellom balustraden og ein hekk, til venstre for terrassen. Framom hekken står ein hagebenk og ein krakk. Alpene er synlege bak villaen. FRANZ står ved bordet og skjenker kaffi. ELSA SCHRÄDER, ei vakker kvinne; ein kvikk og tiltrekkjande kosmopolitt i slutten av trettiåra, sit til venstre for bordet og nyt utsikten. KAPTEIN VON TRAPP står midt på scena og nyt synet av ELSA)

KAPTEINEN

Franz, sa du til Herr Detweiler at me drikk kaffi her ute?

FRANZ

Ja, kaptein. Herr Detweiler er framleis i telefonen.

(URSULA, ei tenestejente, kjem frå huset med eit fat med smørdeig-kaker, byr fram fatet)

URSULA

Frau Schröder?

ELSA

Å, takk

(ELSA tek eit lite kakestykke, som ho set frå seg på bordet. URSULA går inn i huset)

KAPTEINEN

Har du sett noko til borna, Franz?

FRANZ

Ikkje enno, kaptein.

(FRANZ går inni huset)

ELSA

(reiser seg, tek KAPTEINEN i armen)

Georg, desse fjella – dei er praktfulle!

KAPTEINEN

Ja, dei er noko heilt for seg sjølv – dei er venlege. Sjå på det grønne skogsbeltet der borte – når vinden bles gjennom det, er det som bølger på havet.

ELSA

Og den vakre, vesle landsbyen.

KAPTEINEN

Det er ikkje ein landsby. Det er ein by.

ELSA

Å, beklagar – eg meinte ikkje å fornærme den.

KAPTEINEN

Det er festleg å vera saman med deg. Du er ein saga.

ELSA

Du òg er ein saga. Ein stad der inne er ein fascinerande mann. Innimellom ser eg eit glimt av han, og han er eventyrleg.

KAPTEINEN

Eventyrleg? Eg har aldri før blitt kalla eventyrleg.

ELSA

Eg byrjar forstå deg betre no, når eg ser deg her. Veit du at du er litt som fjella –

(KAPTEINEN går over scena)

berre at du aldri står stille. Korleis klarar du å vera så mykje vekke frå denne staden?

KAPTEINEN

Kanskje eg har leita etter ein grunn til å komme tilbake hit for å bli.

ELSA

Georg, eg likar meg svært godt her.

KAPTEINEN

(brydd)

Max kan då ikkje framleis vera i telefonen. Eg veit han arbeidar hardt med å skaffe songarar til Karlzberg-festivalen, men –

(til ELSA)

Likar du deg her?

ELSA

Å, me hadde blitt nøydte til å reise ein del til Wien. Eg har Heinrich sin eigedom, som eg må sjå til.

KAPTEINEN

Eg trudde det var gjort om, til eit konsern.

ELSA

Det er det. Eg er administrerende direktør.

KAPTEINEN

Er du administrerende direktør for eit konsern?

ELSA

Eg administrerte, trass alt, Heinrich sine forretningar i fleire år før han døde.

KAPTEINEN

Eg ser deg ikkje for meg bak eit skrivebord

ELSA

Ikkje? Då har eg sjølv sagt på meg dress, og røykjer ein feit sigar.

(FRANZ kjem ut)

FRANZ

Unnskyld, kaptein, Herr Detweiler ynskjer kaffien sin.

KAPTEINEN

Medan han er i telefonen?

FRANZ

Han vart nett ferdig.

(FRANZ skjenker ein kopp kaffi. MAX DETWEILER kjem inn. Han er sjarmerande og spenstig og har med seg notisbok og blyant)

MAX

Beklagar det tok tid.

KAPTEINEN

Ordna det seg?

MAX

Kva tenkjer de om dette til Karzberg-festivalen – Austerrike sitt fremste vokalensemble, den mest framgangsrike kvartetten i Europa, og verdas beste sopran?

ELSA

Det ville vore fantastisk, Max

MAX

Det ville det.

(MAX set seg på ein krakk)

Og alt eg har til no er ein bass, som ikkje ein gong er profundo.

(FRANZ går inn)

ELSA

Men Max, du landar då alltid eit godt festival-program

(KAPTEINEN gjev Max ein kopp kaffi og ein kakebit)

MAX

Det gjer eg.. Fordi eg har eit motto: «Byrje aldri med å leite etter dei folka du endar opp med». Og difor har eg telefonert til Paris, Roma, Stokkholm, London –

ELSA

Med Georg sin telefon?

MAX

Korleis skulle eg ellers ha råd til det? Kvifor trur du eg er her?

KAPTEINEN

Eg hadde håpa det var fordi du likte meg?

MAX

Sjølvsagt likar eg deg. Kvifor skulle eg ikkje like deg? Du bur som ein konge. Du har ein utsøkt vinkjellar –

ELSA

Max!

MAX

Eg likar rike folk! Eg likar livsstilen deira. Eg likar livsstilen min når eg er saman med dei.

(Han høyrer klosterklokkene)

Som statstenestemann vil eg – Georg, er det ein katedral her i nærleiken?

KAPTEINEN

Det er klosteret vårt – Nonnberg.

MAX

Har dei eit kor?

KAPTEINEN

Dei har eit storarta kor.

MAX

Godt! Dei neste dagane skal eg besøkje alle småbyane i området og høyre songgrupper, kor, kvartettar –

KAPTEINEN

Du kjem vel innom til måltida?

MAX

Sjølvsagt!

(MAX reiser seg og ser ut, bak publikum, kor han får auge på ein fjellandsby)

Det var i ein slik, liten landsby – Walzmann – eg oppdaga St. Ignatius Gutekor. Dei vann fyrstepris på festivalen i 1930, vart svært berømte, turnerte over heile verda.

ELSA

Javel – men kvar vart det av dei?

MAX

Dei kom i stemmeskiftet, og vart så rike at dei busette seg i Amerika.

(peikar)

Kven bur i det falleferdige slottet der nede? Rumpelstiltskin?

KAPTEINEN

Baron Elberfeld. Den eldste familien i dalen.

ELSA

Han vil eg gjerne møte. Eg ser fram til å møte alle venene dine. Kva med å invitera til ein middag medan eg er her, Georg. Ikkje noko stort – berre ein tanke overdådig.

KAPTEINEN

Eg veit ikkje kven eg skulle invitera. No for tida er det vanskelig å vite kven som er ven og kven som er fiende.

ELSA

No til dags er det ikkje lurt å skaffa seg fiendar. Lat oss skaffa oss vener.

(KAPTEINEN ynskjer å skifte samtaleemne, og går bak på scena, ser ut)

KAPTEINEN

Eg skjønar ikkje kva som har skjedd med borna.

ELSA

Du er vel ikkje uroleg for dei?

KAPTEINEN

Dei skulle ha vore her og ynskja deg velkommen.

ELSA

Det er nok ikkje vondt meint, for dei har jo ikkje møtt meg enno.

KAPTEINEN

Unnskyld meg, eg prøver å finna dei.

(han går ut)

MAX

Elsa, har du sørga for at Georg bestemmer seg? Giftar han seg med deg?

ELSA

Sjølvsagt! Han vil berre ikkje innrømme det enno. Det er visst noko som står i vegen.

MAX

Veit du kva det er?

ELSA

Nei

MAX

Eg veit.

ELSA

(reiser seg)

Kva då?

MAX

Det er svært enkelt. Pengar.

(tek armen hennar)

ELSA

Pengar?

MAX

Ja visst. Han er rik og du er rik.

MUSIKK 16: «HOW CAN LOVE SURVIVE»

MAX

-

I ALLE KJENDE KJÆRLEIKSSOGER
ER DET PAR SOM STREVAR
I SIMPLE ROM OG ARME KÅR
MÅ PARET KNYTA NEVAR
OG DEI ER VAND MED FATTIGDOM OG
ALLTING KAN DEI KLARA
MEN NÅR BLIR DET FORTALT OM PAR
SOM IKKJE TRENG Å SPARA

KAPTEINEN

(kjem inn)
 Dei er verkeleg søkk vekke...
 (MAX skubbar ELSA dit KAPTEINEN står)

ELSA

(held rundt KAPTEINEN)
 ME DELER IKKJE EIT SKUR ILAG
 TRENG IKKJE GASJE OG PENGEJAG
 HAR SÅ DET HELD TIL EIN MORGONDAG
 (går til MAX)

MAX

KVA ER KJÆRLEIK DÅ?

ELSA

(tilbake til KAPTEINEN)
 DU HANDLAR AKSJAR OG GJER DET GODT
 EG HAR EIT FLY OG EIN DIESEL-YACHT
 MAX

(mellom ELSA og KAPTEINEN)
 MANGLAR SNART BERRE EIT KONGESLOTT

MAX OG ELSA

KVA ER KJÆRLEIK DÅ?

ELSA

ME HAR EIT LIV
 UTAN BUSS-KOLLEKTIV
 UTAN TRENGSEL I FELLES DONING

MAX

DU RULLER INN
 I EIN ROLLS SOM ER DIN
 NÅR MERCEDESEN ER TIL BONING.

ELSA

SVÆRT SÅ UVANLEG SOM PAR ER ME
 SATT, ETABLERT, ANTIKVAR ER ME
 RIKFOLK SOM VEIT KVA ME HAR, ER ME
 MEN UTGJER EIT PRIMA LAG
 RIKFOLK SOM VEIT KVA ME HAR, ER ME
 HAR TIL EIT LIV I DAG

ME TO HAR ALT DET ME TRENG, EG VEIT
 HAR ALDRI KJENT PÅ Å STÅ I BEIT

MAX

OPP OVER ØYRA MED SIKKERHEIT
 KVA ER KJÆRLEIK DÅ?

ELSA

KORLEIS KAN EG TENNE FYR I DEG?

VISA DEG KVA DU BETYR FOR MEG?
MEN SETJA ALT OVER STYR FOR DEG?
KVA BLIR KJÆRLEIK DÅ?

MAX

SOM MILLIONÆR
MED EIT FYLDIG SALÆR
ER DET TRAVELT OG LITE SJARME
FATTIGE TRUR
DET ER TOUJOURS L'AMOUR
FOR L'AMOUR HELD DEI TRASS ALT VARME

ELSA

(til KAPTEINEN)

FANGA I LENKJER AV GULL ER ME
HENSATT MED KONTOEN FULL ER ME
KASTA I VELSTAND OM KULL ER ME

(held rundt KAPTEINEN)

MEN GODE ÅR VIL ME FÅ

MAX

(MAX vrenger lommene sine)

KASTA I VELSTAND OM KULL ER ME

ELSA

OG ME KAN ELSKE DÅ

(når songen er slutt, kjem ROLF inn frå venstre, han leitar etter LIESL, og er så fokusert på vindauge i over etasjen at han ikkje ser dei andre)

KAPTEINEN

(til ROLF)

Kva vil du?

ROLF

(forskrekk)

Å, kaptein... eg såg ikkje, eg meiner, eg veit ikkje...eh. uh...Heil!

(han held handa opp i nazi-helsing)

KAPTEINEN

(iskaldt)

Kven er du?

ROLF

Eg har eit telegram til Herr Detweiler

MAX

(tek imot telegrammet frå ROLF)

Eg er Herr Detweiler

KAPTEINEN

No har du levert telegrammet, kom deg ut!

(ROLF går forvirra ut)

ELSA

Georg, han er berre ein gutunge.

KAPTEINEN

Eg er austerrikar – ingen seier 'heil' til meg!

MAX

Ærleg talt Georg, kan du ikkje sjå det slik som eg? Det som skjer, det skjer. Sørg berre for at det ikkje skjer med deg.

(ELSA går inn i huset)

KAPTEINEN

Veit du Max, det er godt du ikkje har særleg karakter, for viss du hadde det, ville eg ha hata deg.

MAX

Du hadde ikkje hata meg. Eg er alt for elskeleg til det.

(FRANZ kjem ut)

FRANZ

Herr Detweiler, det er telefon til deg. Det er frå –

MAX

(raskt)

Eg tek den.

(MAX går inn, FRANZ føl han. I det same, høyrer KAPTEINEN lyden av BORNA som jodlar frå hagen. GRETL spring inn, bøyer seg og MARTA hoppar bukk over henne. MARTA bøyer seg, og blir fylgt av BRIGITTA, KURT, LOUISA, FRIEDRICH og LIES, so hoppar bukk. Det er kledde i leike-klede, laga av gardinene frå MARIA sitt rom. Den siste som kjem jodlande inn i ein kjoledrakt med liv, sydd av stoffet ho fekk frå KAPTEINEN, er MARIA. Ho hoppar bukk rett føre føtene til KAPTEINEN. Ho reiser seg, nøgd og overraska)

MARIA

Å, De er heime, kaptein!

BORNA

(glade)

Far! Far, du er heime!

(KAPTEINEN tek fløyta fram frå lomma, og bles bestemt i den. BORNA, stiller seg skuffa opp i militær rekkje)

KAPTEINEN

Innretning!

(KAPTEINEN går bak dei og inspiserer kleda deira med tydeleg misnøye. Han tek eit skaut av gardinstoff av hovudet til LOUISA)

Gå og vask dykk! Ta på uniform og kom straks tilbake!

(BORNA ser bedande på MARIA)

No!

(Borna spring inn i huset)

Fraulein! Kvar har du skaffa desse skrekkelege antrekka – frå eit mareritt?

MARIA

Nei, frå gardiner – gardinene som hang på soverommet mitt. Dei var godt brukande.

KAPTEINEN

Vent, ein augneblink! Meina du å sei at mine ungar har gått rundt i nabolaget kledd i gamle gardiner!

MARIA

Ja visst, dei er blitt veldig populære. Alle smiler til dei.

KAPTEINEN

Det kan eg tru.

MARIA

Folk seier; «Der går ungane til Kaptein von Trapp»

KAPTEINEN

Borna mine har alltid gjort æra på namnet mitt.

MARIA

Men kaptein, det stemmer ikkje. Dei marsjerte rundt som små, ulukkelege maskinar.

KAPTEINEN

Eg ynskjer ikkje at du uttalar deg til meg, om mine born.

MARIA

Vel, nokon må fortelja deg det. De er ikkje heime lenge nok til å bli kjend med dei.

KAPTEINEN

Som sagt, eg ynskjer ikkje at du –

MARIA

Eg skjønar det – men det må eg. Liesl, for eksempel – Liesl er ikkje lenger eit barn. Og om du fortset å behandle ho som det, Kaptein, har du snart mytteri å hanskast med. Og Friedrich – Friedrich er redd for å vera seg sjølv – han er sjenert – han er reservert. Friedrich treng deg – han treng Dykkar tillit.

KAPTEINEN

Snakk ikkje til meg om min son!

MARIA

Brigitta kan fortelja deg om han. Ho kunne fortalt Dykk så mykje, viss du hadde blitt kjend med ho, for ho legg merke til ting. Og ho seier alltid sanninga – særleg når du ikkje ynskjer å høyre den. Kurt – er full av kjensler – han blir lett sår – og De ser han ikkje – De skubbar han til side, slik du gjer med dei alle.

(KAPTEINEN byrjar gå)

Eg er ikkje ferdig enno! Louisa ynskjer berre å ha det fint. Du er nøydd til å la ho ha det fint. Marta – veit eg ikkje noko om enno – men nokon må finna ut av henne. Og vesle Gretl – vil berre bli elska... Ver så snill, Kaptein, elsk Gretl, elsk dei alle. Dei treng deg.

KAPTEINEN

Slutt! No er det nok. De pakkar sakene Dykkar og dreg tilbake til klosteret så snart som mogleg.

MARIA

Eg er lei for det. Eg skulle ikkje ha sagt det eg sa – ikkje slik eg sa det.
(dialogen held fram uavbroten medan BORNA byrjar synge av scena)

MUSIKK 17: RÉPRISE: «THE SOUND OF MUSIC»

KAPTEINEN

Når du har reist blir det... *(han hører ungane synge)* Kva er det?

MARIA

Song

KAPTEINEN

Kven syng?

MARIA

Borna dine.

KAPTEINEN

Syng borna mine?

MARIA

Eg ville dei skulle synge for Frau Schröder.

BORNA

(syng, av scena, samstundes som dialogen over)

HØYR, FJELLA FÅR LIV
 AV MUSIKK OG TONAR
 OG LÅTEN HAR LEVD
 FLEIRE TUSEN ÅR
 DEN FYLLER MEG SVALT
 MED MUSIKK OG TONAR
 OG FJELLSONGEN FØLJER
 NÅR HJARTET SLÅR

*(ELSA kjem ut gjennom dei franske vindauga, ho går til KAPTEINEN og stoppar ved han.
 BORNA føl henne, syngande. FRIEDRICH akkompagnerer på gitar. Dei står på ei diagonal linje
 framfor dei franske vindauga)*

ELSA

Georg, dette må du høre.

BORNA

MITT HJARTE VIL SLÅ
 SOM EI VENG
 NÅR EIN FUGL SET FART
 FRÅ EIN SJØ, OVER TIND
 OG TAKTEN VIL KLINGE
 SÅ KLOKKEKLART
 OG BLIR FØRT MED EIN VIND

KAPTEINEN og BORNA

EG SØKJER TIL FJELLS
 NÅR MITT HJARTE STUNDAR
 FOR SONGEN HELD FRAM
 OG VIL GJE MEG FRED
 VELSIGNAR MI SJEL
 MED MUSIKK OG TONAR
 ALLTID SYNG EG MED

(Når songen sluttar, blir det fyrst ei intens stille. GRETL, som held ein kvit blom, ser på MARIA. MARIA nikkar til ho, og GRETL går til ELSA, nappar i skjørtet hennar, neier og gjev ho blomen)

ELSA

(rørt).
 Edelweiss!

MUSIKK 18: THE SCENE CONTINUES

ELSA

Georg, kvifor har du ikkje fortalt meg kor sjarmerande/ fortryllande ungane dine er?

(KAPTEINEN går til GRETL og held armene rundt ho. Han vinkar dei andre BORNA til seg. Dei yngste går til han. Han legg armen sin rundt MARTA og rufsar KURT i håret. Stemma hans skjelv når han snakkar.)

KAPTEINEN

Born, eg vil de skal visa Frau Schröder hagen.

ELSA

Ja, vis meg hagen.

(ELSA OG BORNA byrjar gå ut)

De må vise meg alt saman. Eg veit ikkje kva de heiter enno, men det gjer ingenting. Eg kjem nok uansett ikkje til å hugse namna dykkar på ei stund.

LOUISA

Eg heiter Marta.

MARTA

Det heiter du ikkje. Eg heiter Marta. Ho heiter Louisa.

(Elsa og ungane er ute).

KAPTEINEN *(Går til Maria)*

Du hadde rett. Eg kjenner ikkje mine eigne born.

MARIA

Dei ventar på å bli kjend med Dykk. Dei vil så mykje. Når eg har reist...

KAPTEINEN

Nei, eg vil du skal bli her.

MARIA

Viss eg kan vera til noko hjelp

KAPTEINEN

Det er du allereie. Du har fylt huset mitt med musikk igjen. Eg hadde gløymt –

VIL KLUKKE SOM BEKKEN
SOM SNOR SEG VEG
LANGS EIT SNAR
RUNDT EI LØN
VIL NYNNE EIN SONG
SOM EIN LERKEFUGL LOVSYNG I BØN

BEGGE

EG SØKJER TIL FJELLS
NÅR MITT HJARTE STUNDAR
(KAPTEINEN gjev MARIA lommetørklet)
FOR SONGEN HELD FRAM
OG VIL GJE MEG FRED
(KAPTEINEN tek fløyta frå lomma, viser den til MARIA og kastar den frå seg)
VELSIGNAR MI SJEL
MED MUSIKK OG TONAR

KAPTEINEN

ALLTID SYNG EG MED
(KAPTEINEN går inn i huset, MARIA ser han gå, smiler lukkeleg medan musikken fortset)

MARIA

RE – OPP SENG, FÅ DET GJORT
MI – DU VAKRE JENTA MI
FA – I FART, OG DET GÅR FORT
(Ho kastar lommetørklet sitt opp i lufta, tek imot det og går ut. Ho får auge på kakene på bordet. Ho tek eit kakestykke og bit i det når ELSA kjem inn frå hagen.)

ELSA

Eg må få gratulera deg.

MARIA

Takk!

ELSA

Kapteenen var svært rørt.

MARIA

Ja, eg trur han var nøgd. Han har bede meg bli her med ungane.

ELSA

Åh, du blir her!

MARIA

Til september.

ELSA

September?

MARIA

Då skal eg tilbake til klosteret.

ELSA

Klosteret?

MARIA

Eg skal bli nonne.

ELSA

Så, fint

(ho går til bordet og set seg).

Tenk på oss når du er tilbake i klosteret.

MARIA

Eg skal be for dykk

(Maria går ut i hagen)

MUSIKK 19: END OF SCENE

(ELSA smiler tankefullt til seg sjølv. Så endrar uttrykket hennar seg, når ho innser at det var ei fornærming)

MUSIKK 20: THE PARTY CROSSOVER

Scene 10: Ein korridor i villaen, ei veke seinare

(GRETL OG FRAU SCHMIDT kjem inn. GRETL bukkar for FRAU SCHMIDT)

FRAU SCHMIDT

Nei, ikkje slik!

(GRETL neiar).

Slik skal du gjera til alle gjestene.

(ropar)

Kom igjen ungar. Festen er i gong.

(MARTA kjem inn, går til Frau Schmidt.)

MARTA

Frau Schmidt, kan du knyta sløyfa mi?

(Frau Schmidt knyter Marta si sløyfe)

Me har aldri hatt selskap her ho oss.

(BIRGITTA kjem inn, spring over scena og ser off stage. LOUISA kjem inn. LIESL og FRIEDRICH kjem inn. LIESL ordnar FRIEDRICH sitt slips)

FRAU SCHMIDT

Å jodå. Før var det ofte selskap her i huset.

LIESL

Friedrich og eg pleidde å snika oss ut og sjå på dei frå trappeavsatsen.

FRIEDRICH

Eg hugsar musikken.

FRAU SCHMIDT

Ein gong henta far din eit sigøynarorkester like frå Budapest

LIESL

Ja!. Dei hadde raude jakker.

FRAU SCHMIDT

Av stad med dykk, ungar. Og ikkje gløym å oppføra dykk skikkelig. Kom igjen!
(*ho går av scenen saman med GRETL OG MARTA*)

FRIEDRICH.

Eg hugsar vakre damer og at alle lo.

LOUISA (*vemodig*)

Det var ei dame – den vakraste av dei alle --- eg trur ho var her heile tida.

LIESL

(*går til LOUISA og legg hendene på skuldrene hennar*).

Det stemmer, Louisa.

BRIGITTA

Får me lov å dansa når gjestene dansar?

LIESL

Det er klart. Hugs kva Fraulein Maria har sagt.

BORNA

JA!!

(*KURT OG BRIGITTA dansar vals ilag. Det same gjer LOUISA OG FRIEDRICH. LIESL ser for seg at ein ung mann byr ho opp til dans; ho spelar overraska, neiar og strekkjer ut armen. Ho byrjar danse vals*)

MUSIKK 21: GRAND WALTZ

Scene 11: Daglegstova, same kveld

(*rommet er fullt av PAR som dansar vals, BORNA er med ei lita stund, går så ut, unntatt BRIGITTA. BARONESSE ELBERFELD sit i sofaen. Det er to menn som ikkje dansar: BARON ELBERFELD og HERR ZELLER. Dei er tydeleg i ein livleg diskusjon. Eit av para sluttar å danse, går til dei og blandar seg i diskusjonen. Når dansemusikken sluttar, høyrer me sinte stemmer frå dei to herrane.*)

ZELLER

De har tysk blod i årane, har De ikkje?

ELBERFELD

Eg er ikkje tyskar. Eg er austerrikar.

ZELLER

Det blir snart eit «ansloss». Eg átvarar deg og alle dine likesinna. Og det gjeld òg for –

FRAU ZELLER

Hysh!

KAPTEINEN

(kjem inn dei franske vindaugo og oppfattar situasjonen).
No er det veldig fint ute på terrassen!
(Dei diskuterande gjestene byrjar gå ut på terrassen)
Elberfeld, det er svært hyggeleg å ha deg og baronessa på besøk igjen.

BARONESSE ELBERFELD
Frau Schräder er svært sjarmerande, Georg.

ELBERFELD
Eg håpar ikkje ho er sjuk.
(Franz kjem inn med eit glas konjakk på eit brett, går til kapteinen)

KAPTEINEN
Å nei då – ho har berre litt vondt i hovudet.
(tek konjakken ifrå FRANZ).
Eg går og hentar henne. Me finn dykk på terrassen.
(ELBERFELD-PARET går ut og KAPTEINEN byrjar å gå opp trappa)

BRIGITTA
(nederst i trappa).
Far. Eg trur ikkje desse folka har det så kjekt.

KAPTEINEN
Den eine halvparten av gjestene, snakkar ikkje med den andre.
BRIGITTA
Men far, kanskje dei likar å ikkje snakke med kvarandre.

MUSIKK 22: LÄNDLER
(KAPTEINEN smiler og går opp trappa)

FRAU SCHMIDT
(kjem ut på balkongen)
Kaptein, Frau Schräder bad meg sei at ho kjem ned om eit par minutt.

KAPTEINEN
Takk. Du kan by henne eit glas konjakk
(Frau Schmidt går ut med konjakken. KURT og MARIA kjem frå terrassen, kor me ser gjestene dansar til ein ländler, ein austerriks folkedans.)

MARIA
Veit du, Kurt, eg har ikkje dansa ländler sidan eg var lita jente.

KURT
Åh, du hugsar det nok - Vis meg –
MARIA

Nei, eg har ikkje dansa sidan –

KURT

Kom igjen. Du sa; venstre handa bak ryggen.

MARIA

Riktig. Men først må guten og jenta helsa.

KURT

Ja.

(han bukkar og ho neiar)

MARIA

Så promenerer dei

(dei tek kvarandre i hendene og kryssar scenen med folkedans steg til musikken som kjem frå terrassen. Når dei kjem til trappa, prøver dei å gjera ei vending som blir litt for vanskeleg for Kurt.)

KAPTEINEN

Nei, det er feil, Kurt. Eg skal visa deg.

(han spring ned trappa, tek MARIA i handa og dei held fram med å dansa medan KURT og BRIGITTA ser på. Dansen kjem til at Maria og Kapteinen, medan dei held kvarandre i hendene, må gjera ei rørsle der MARIA snur seg under KAPTEINEN sine armar og tek ein posisjon der armane hans er rundt henne og andleta deira er nær kvarandre. Blikk-kontakten får dei begge til å reagere. Rørsla gjentek seg og Maria er trollbunden av kjensler ho aldri har kjent før og ikkje forstår. Ho trekkjer seg skjemd unna)

MARIA

Eg – eg – hugsar – ikkje meir.

KAPTEINEN *(skjemd)*

No Kurt, slik skal det gjerast.

(Musikken stoppar og Kapteinen går ut på terrassen i det Elsa kjem ut på balkongen. Ho ser at Kapteinen går, og ser interessert på Maria.)

BRIGITTA *(til Maria).*

Du er raud i heile fjeset.

MARIA

Eg er ikkje så vandt med å dansa.

ELSA

Men, hei på deg.

MARIA

God kveld, Frau Schräder.

(ho går ut. Elsa kjem ned trappa)

KURT

Eg håpar De kjenner Dykk betre, Frau Schräder.

ELSA

Jo takk, Kurt.

(KURT går ut. MAX og FRANZ kjem inn hovuddøra. MAX har på seg ein frakk. FRANZ ber kofferten hans. MAX held framfor augene til BRIGITTA)

BRIGITTA

Hei onkel Max! Me har selskap.

(FRANZ går opp trappa med kofferten til Max)

MAX

Godt. Fortel far din at det garantert blir ein vellukka kveld, for no er eg her.

(BRIGITTA går ut på terrassen)

ELSA

(ved foten av trappa)

Max!

MAX

Elsa! Du er utan tvil verdas vakraste administrerende direktør.

(kysser handa hennar)

ELSA

Takk skal du ha, Max.

KAPTEINEN

(kjem inn frå terrassen med LIESL)

Max, du er tilbake. Og som vanleg, akkurat tidsnok til middag.

MAX

Georg – du trudde vel ikkje du kunne invitere til galla utan meg.

KAPTEINEN

Søren òg, no får me ein mann for mykje ved bordet.

MAX

OG me får det mykje kjekkare.

KAPTEINEN

Liesl, spring og be Frau Schmidt dekkja til to til. Og hent Fraulein Maria.

(LIESL går)

MUSIKK 23: FOX TROTT INCIDENTAL

ELSA

To til?

KAPTEINEN

Me treng ei dame til

ELSA

Kven skulle det vera? Liesl?

KAPTEINEN

Nei, ho er alt for ung. Eg spør Maria.

MAX

Det kan du ikkje meina?

KAPTEINEN

Jo, sjølvsagt.

MAX

Ho er jo berre ei barne-jente.

KAPTEINEN

Eg ser det ikkje slik.

MAX

Eg bryr meg ikkje, men du kan ikkje be venene dine sitja til bords med Maria.

KAPTEINEN

Kvifor ikkje?

MAX

Elsa, forklar han det, du.

ELSA

Max, kan du skunde deg opp og skifte?

KAPTEINEN

Ja, Max. Me har bruk for deg i kveld

(Max byrjar gå opp trappa)

BRIGITTA

(kjem inn frå terrassen)

Frau Schräder, dei snakkar om deg der ute.

ELSA

Kom Georg, eg har halde meg unna desse folka i ein time.

(Elsa og Kapteinen går ut på terrassen)

MARIA

(kjem inn)

Brigitta, har du sett far din?

MAX

(på balkongen)

God kveld, Fraulein Maria.

MARIA

Herr Detweiler, så kjekt å sjå deg igjen.

MAX

Ja, meg får du sjå mykje til

(han går ut)

BRIGITTA

Eg visste det heile tida. Frau Schräder hadde ikkje vondt i hovudet. Ho ville berre komma seg vekk ifrå selskapet. Ho berre lèt som.

MARIA

Du må ikkje sei slikt når du ikkje veit om det er sant, Brigitta.

BRIGITTA

Men det er sant. Eg høyrde ho sa til pappa at ho held seg unna dei folka.

MARIA

Det betyr ikkje at ho ikkje hadde vondt i hovudet. Det er svært viktig at de likar Frau Schräder.

BRIGITTA

Eg likar henne svært godt. Men kvifor er det så viktig?

MARIA

Vel... Eg trur ho kjem til å bli den nye mora dykkar.

BRIGITTA

Fraulein Maria – pappa kjem ikkje til å gifta seg med henne. Det kan han ikkje.

MARIA

Kvifor kan han ikkje det?

BRIGITTA

Fordi han er forelska i deg.

MARIA

Nei Brigitta. Har du høyrd på maken til tull.

BRIGITTA

Men forstår du ikkje at –

MARIA

Nei, Brigitta, nei.

BRIGITTA

Men hugsar du ikkje i går kveld, då me sat ilag på golvet, og far lærte oss Edelweiss-songen? Då me var ferdige, lo du av han fordi han gløymde teksten. Men han gløymde ikkje teksten. Han slutta å syngje for å sjå på deg. Og når han snakkar med deg, høyrer stemma hans ut som....

MARIA

(kan ikkje godta ein tanke som er så i strid med hennar truskap til klosteret)

Nei, Brigitta, nei.

BRIGITTA

Og måten du såg på han, då de dansa. Du er forelska i han.

(MARIA står taus og lamslått. KAPTEINEN kjem inn frå terrassen med GRETl, LOUISA og KURT)

KAPTEINEN

Ein dans til, Gretl, så er det rett i seng.

(Han ser MARIA og går bort til henne)

Å, Fraulein Maria, du et ikkje middag saman med borna i kveld. Du skal eta middag med oss her nede.

MARIA

(ristar på hovudet).

Nei det kan eg ikkje.

KAPTEINEN

Jodå. Det er dekkja på til Dykk. De må skunde Dykk. De må skifte.

(MARIA går opp trappa, men stansar når Kapteinen snakkar)

KAPTEINEN

Og, Maria, ta på Dykk den kjolen De hadde i går – då vi alle var samla – den var vakker – rein og kvit.

MARIA

(stirer på han ein augneblink, så skundar ho seg opp. Frans kjem frå spisesalen)

FRANZ

Skal eg melda at middagen er servert, Kaptein?

ELSA

(kjem inn frå terrassen, følgd av gjestene).

Nei, ikkje enno. Borna har lyst til å seie takk for i kveld. Å Georg, eg vil at borna skal sei god natt slik som dei gjorde i går kveld.

KAPTEINEN

Nei, Elsa – det passar ikkje...

ELSA

Ver så snill, Georg. Slik dei song for meg. Det var så søtt.

KAPTEINEN

Nei, nei, ikkje for framande.

ELSA

Ver så snill, Georg, for mi skuld.

MAX

(kjem ut på balkongen i kveldsantrekk).

Presto chango!

ELSA

MAX, no kom du i grevens tid. Barn – kom no.

MUSIKK 24: «SO LONG, FAREWELL»

(MAX kjem ned trappa og sluttar seg til ELSA og KAPTEINEN. BORNA stiller seg opp. GJESTENE samlar seg. BORNA syng)

DEN ER TRIST, KLOKKEKLANGEN
IFRÅ TÅRNET I KVELD
OG FRÅ URET SOM NETTOPP SLO
OG OPPE FRÅ BARNEROMMET
HØYREST EIN GJØK
SOM KLOKKAR INN MED SITT KOKO
OG ME ER VELDIG LEIE
FORDI ME NO MÅ SEIE
FARVEL TIL DYKK FOR NO

HA TAKK, FARVEL,
AUF WIEDERSEHN, GOD NATT

(trør fram) MARTA
OM DET ER SEINT,
SÅ ER EG VAKEN FORTSATT

(MARTA går ut) BORNA
HA TAKK, FARVEL,
ADJØ, AUF WIEDERSEHN,

(trør fram) KURT
EG HÅPAR DE
VIL KOMMA SNART IGJEN
(KURT går ut)

BORNA
HA TAKK, ADJØ
AUF WIEDERSEHN, FARVEL

(trør fram) LIESL
KAN EG FÅ EIT
CHAMPAGNE-GLAS I KVELD?
(til KAPTEINEN)
Ikkje?

KAPTEINEN
Nei!
(LIESL går ut)

BORNA
FARVEL, ADJØ
AUF WIEDERSEHN, HA TAKK

FRIEDRICH
(trør fram)
EG MÅ NOK GÅ, MEN TAKK
FOR FOR ALT EG RAKK,
HA TAKK!
(FRIEDRICH går ut)

BRIGITTA
EG ER LITT TRØYTT
DET SKAL BLI GODT Å SOVA

LOUISA
EG GÅR, OG EG
HAR KOST MEG, KAN EG LOVA
(BRIGITTA og LOUISA går ut ilag)

GRETL
(sit på nederste trappetrinnet)

EG BLIR HER HEILT TIL
GJESTENE HAR DRATT

(medan ho framleis sit, flyttar ho seg baklengs opp trappa, samtidig som dei andre BORNA kjem inn igjen)

BORNA

HA TAKK, FARVEL, AUF WIEDERSEHN, GOD NATT
GOD NATT...GOD NATT... GOD NATT.

(LIESL går ned trappa, tek GRETL med seg opp trappa)

GJESTENE

GOD NATT

(BORNA går ut over balkongen. FRANZ annonserer middagen og KAPTEINEN og GJESTENE går inn i spisesalen. MAX er oppglødd og finn ELSA)

MAX

Dei er jo heilt fantastiske!

ELSA

Fraulein Maria har lært dei det.

MAX

Eg har leita over heile Austerriket etter noko slikt til festivalen, og så finn eg det her.

ELSA

Vent litt, Max

MAX

Ei songgruppe med sju ungar frå same familie.

ELSA

Max! Georg ville ikkje eingong at dei skulle synga for gjestene i kveld. Eg måtte overtale han.

MAX

Han høyrer på deg. Du må snakka med han.

ELSA

Max!

MAX

Elsa, dette er viktig for Austerrike, og det vil ikkje skade meg heller.

(Dei går inn i spisesalen)

MUSIKK 25: END OF SCENE: «MARIA'S FAREWELL»

(MARIA kjem inn på balkongen frå 2. etasje. Ho har på seg hatten og kjolen ho hadde fyrste dagen ho kom til villaen, ho har med gitaren og reiseveska. Ho forsikrar seg om at daglegstova er tom, og kjem sakte ned trappa. Ho ser trist mot daglegstova, som om ho skulle ha tatt farvel med nokon. Ho ser lengtande opp mot dit ungane gjekk ut. Ho ser seg om i rommet ein siste gong, så går ho trist og sakte mot utgangen. Lyset fadar ut.)

Scene 12: Ein klostergong

(SØSTER SOPHIA kjem inn saman med ein ny POSTULANT, som har med seg ei lita reiseveske. Ho er kledd i ein beige drakt og hatt. Dei møter seks nonner som går syngande i to rekker)

MUSIKK 26 NUN'S PROCESSIONAL: «MORNING HYMN»

NONNENE

REX ADMIRABILIS ET TRIUMPHATOR NOBIS,
DUCEDO INEFABILIS, TOTUS DESIDERABILIS,
TOTUS DESIDERABILIS

(SØSTER SOPHIA og den nye POSTULANTEN ser på nonnene, som forsvinn, så går dei ut)

Scene 13: Abbedissa sitt kontor, tre dagar seinare.

(ABBEDISSA sit ved skrivebordet sitt, SØSTER SOPHIA står ved sida. Den nye POSTULANTEN skriv namnet sitt på eit ark)

ABBEDISSA

(reiser seg)

Søster Sophia, ta med den nye postulanten til omkleddingsrommet. Gud velsigne deg, barn.

(POSTULANTEN knelar, ABBEDISSA velsignar henne. Det bankar på døra. SØSTER SOPHIA og den nye POSTULANTEN går ut)

SØSTER MARGARETTA

Maria ynskjer å møta deg. Eg veit at det har teke henne tid/ sat langt inne

ABBEDISSA

Eg venta til ho var klar for å komme til meg

SØSTER MARGARETTA

Det er rart; ho verker glad for å vera her, men likevel er ho ikkje glad.

ABBEDISSA

Dei sende henne tilbake hit – veit du kvifor?

SØSTER MARGARETTA

Ho seier ingenting. Ho har ikkje sagt eit ord. Ho berre mumlar fram bønner.

ABBEDISSA

Eg vil møta henne.

(SØSTER MARGARETTA går til døra og ropar på MARIA. MARIA kjem inn, går til ABBEDISSA og kneler. ABBEDISSA velsignar MARIA)

ABBEDISSA

Dette må ha vore ein prøvelse for deg.

MARIA

Det var det, Ærverdige Moder.

ABBEDISSA

Har det lært deg noko?

MARIA

Eg har lært at eg aldri vil forlate desse murane igjen.

ABBEDISSA

Kvifor sende dei deg tilbake til oss?

(MARIA,

MARIA

(etter litt nøling)

Dei sende meg ikkje tilbake. Eg rømde. Eg stakk utan å fortelja nokon at eg stakk. Utan å ta farvel.

ABBEDISSA

Set deg, Maria

MUSIKK 27: INCIDENTAL

(MARIA sit ved skrivebordet. SØSTER MARGARETTA ser med aukande interesse på MARIA)

ABBEDISSA

Kva skjedde, Maria? Kvifor kom du tilbake?

MARIA

Eg var redd

ABBEDISSA

Redd?

MARIA

(det er vanskeleg å få det sagt)

Eg var forvirra. Eg følte – eg har aldri følt noko slikt før. Eg kunne ikkje bli der – og eg visste at her kunne eg gøyma meg – at eg kunne vera trygg.

ABBEDISSA

Maria, klosteret vårt skal ikkje vera ein gøymestad. Kva er det du ikkje vågar å møta.

MARIA

Eg vågar ikkje å møta han igjen.

ABBEDISSA

(etter ein pause)

Takk, det var alt Søster Margaretta.

(SØSTER MARGARETTA går ut. ABBEDISSA står bak MARIA, ho legg hendene på skuldrene til MARIA, og snakkar roleg)

ABBEDISSA

Er du forelska i Kaptein von Trapp?

MARIA *(usikker)*

Eg veit ikkje, eg veit ikkje.

ABBEDISSA

Fortel, barnet mitt.

MARIA *(full av kjendsler)*

Brigitta sa at eg var det – og at far hennar var forelska i meg – og så var han der brått – og me såg på kvarandre – og eg fekk mest ikkje puste. Då skjøna eg at eg ikkje kunne bli verande der.

(ho reiser seg)

ABBEDISSA

Men likar du han, Maria?

MARIA

Å, ja.

ABBEDISSA

Lot du han forstå kva du følte.

MARIA

(Ho snur seg mot henne)

I så fall visste eg ikkje kva eg gjorde. Det er det som plagar meg. Eg var der på oppdrag frå Gud. Det hadde vore feil å be om Kapteinen sin kjærleik. Eg veit ikkje lenger, Moder. Men ein ting er eg sikker på - *(ho kneier for ABBEDISSA)* No er eg klar for klosterløftet, fattigdom, lydighet – og kyskheter.

ABBEDISSA

(hjelper Maria opp)

Maria, kjærleiken mellom mann og kvinne er òg heilag. Fyrste gong me snakka saman – fortalde du meg at du hugsa foreldra dine før dei døydde. Hugsar du om dei var lukkelege?

(ho plasserer Maria på ein krakk)

MARIA

Å ja Moder. Dei var svært lukkelege.

ABBEDISSA

Maria, du vart fødd av deira lukke, i deira kjærleik. Og, mitt barn, du har og mykje kjærleik. Det du må finne ut – er korleis Gud vil du skal elska.

(set seg ved skrivebordet)

MARIA

Eg har lova å tena Gud. Eg vil vie livet mitt til Gud.

ABBEDISSA

Dotter mi. Om du elsker denne mannen elsker du ikkje Gud noko mindre. Du skal finn ut av det. Du skal dra tilbake dit.

MARIA *(reiser seg).*

Nei Moder, ver så snill, du må ikkje be meg om det. Ver så snill.

MUSIKK 28 «CLIMB EVERY MOUNTAIN»

Lat meg få bli her

(MARIA sig ned framfor føtene til abeddisa)

ABBEDISSA

Desse murane skal ikkje stengje vanskane ute. Du må ta tak i dei, og finne det livet du var skapt til å leva.

MARIA

Korleis finn eg det?

ABBEDISSA

Du må leita.

(legg armen om MARIA)

GÅ EIGNE VEGAR

LEIT TIL DU FINN

FØLG DEN BRATTE STIEN

TRU PÅ VEGEN DIN

GÅ EIGNE VEGAR

FØLG KVAR EIN STRAUM

REGNBOGEN VIL SYNA

VEGEN TIL DIN DRAUM

EIN DRAUM SOM SKAL STÅ GJENNOM KJÆRLEIK OG SLAG

DU MÅ KJEMPA FOR DEN KVAR EIN LEVANDE DAG

GÅ EIGNE VEGAR

FØLG KVAR EIN STRAUM

REGNBOGEN VIL SYNA

VEGEN TIL DIN DRAUM

EIN DRAUM SOM SKAL STÅ GJENNOM KJÆRLEIK OG SLAG

(ho får MARIA til å reisa seg)

DU MÅ KJEMPA FOR DEN KVAR EIN LEVANDE DAG

GÅ EIGNE VEGAR

FØLG KVAR EIN STRAUM

REGNBOGEN VIL SYNA

VEGEN TIL DIN DRAUM

(Når songen stig til ein finale, tek Maria postulat-sløret frå hovudet sitt og står som hypnotisert)

AKT 2

MUSIKK 29: ENTR'ACTE *(direkte over i)*

MUSIKK 29a: OPENING ACT 2 : «THE LONELY GOATHERD»

Scene 1: På terrassen, same dag

(KAPTEINEN sin gitar ligg på kaffibordet. MAX har bind for augene og leikar blindebukk med BORNA. Dei syng «The Lonely Goatherd». FRIEDRICH står på ein stol. MARTA står på ein benk. BRIGITTA sit fyrst på ein krakk og les, og så blir ho med på leiken)

MAX

EI LITA JENTE MED LANGE FLETTER

MARTA

LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O

KURT

LYFTA PÅ HOVET OG JODLA ETTER

LOUISA

LEI-ODL, LEI-ODL -LO

ALLE BORNA

HØGT MELLOM FJELLA DUETTEN GJALLA

MAX

LEI-ODL, LEI-ODL -LE-I-O

(GRETL ertar MAX ved å stikke han med gitaren)

GRETL

JENTA OG GJETAREN SONG OG TRALLA

(LIESL tek blindebukk-sjalet av MAX, tek gutaren frå GRETL)

MAX

LEI-ODL, LEI-ODL -LO

O-HO-LEI-ODL-LEI-O

ALLE

O-HO-LEI-ODL-LEI

O-HO-LEI-ODL-LEI-O, LEI-ODL-LEI-O-LEI

MAX

(sluttar synge)

No er det nok leiking. No må me øva. Liesl gje oss tonen.

(LIESL gjev tonen på gitaren)

MUSIKK 30: VOCAL INCIDENTAL FOR DIALOGUE

(BORNA står på ei «avslappa» rekkje, MAX dirigerer)

ALLE

DO MI SO DO

(MAX slår av med dirigenteikn)

MAX

Vakkert, svært vakkert, men ikkje godt nok. Sjå for dykk at de står på ei scene i ein stor konsertsal.

LOUISA

Kva for ein konsertsal, onkel MAX?

MAX

Ein konsertsal. Den i Karlzberg, for eksempel? Ein konsertsal full av folk. No syng me ein gong til.

ALLE

DO MI SO DO

(Max stoppar ein og ein. GRETL til slutt, ho har sett seg)

MAX

Gretl, kvifor syng ikkje du?

GRETL

Eg har vondt i fingeren

(ho held opp ein bandasjert finger)

MAX

(Kysser fingeren hennar)

No kan du synga for onkel Max. Huskar du i selskapet, då song du så fint. Med mykje futt! Me prøver igjen.

(han tel opp)

ALLE

DO, MI, SO, DO

(KAPTEINEN og ELSA inn frå hagen. ELSA har forlovelsesring. MAX ser dei komme, avsluttar songen)

MAX

Dei ville så gjerne synge for meg, gullungane, men dei syng ikkje så godt som dei pleier.

LOUISA

Me treng Fraulein Maria

KAPTEINEN

(tek gitaren frå LIESL)

Me treng ikkje Fraulein Maria. De kan syngje like godt saman med meg.

MAX

Men eg har då erfaring med både kor, kvartettar og vokalensemble –

KAPTEINEN

Max, ver så snill.

(til BORNA)

Kva har de lyst å synga?

DO – EIT DYR MED PRIKKAR PÅ

KURT

Fraulein Maria byrja alltid med...

KAPTEINEN

Me snakkar ikkje om Fraulein Maria

ELSA

(skjønar)

Kom Max, eg treng ein spasertur.

MAX

Det treng eg òg.

(han går etter henne, snur seg)

Brukar nokon bilen?

(MAX og ELSA ut)

KAPTEINEN

Så kva bli det til

MUSIKK 31: INCIDENTAL (A CAPPELLA) «THE SOUND OF MUSIC»

(LIESEL dirigerer borna)

BORNA

HØYR, FJELLA FÅR LIV

AV MUSIKK OG TONAR

(KAPTEINEN blir med i songen)

OG LÅTEN HAR LEVD

MANGE TUSEN ÅR

DEN FYLLER MEG SVALT

(KAPTEINEN sluttar synge)

KAPTEINEN

Nei, ikkje den.

(tek Louisa til sides)

Louisa, gjorde du pøbelstrekar med Fraulein Maria?

LOUISA

Berre dei ho likte, og lo av

KAPTEINEN

La du padde i senga hennar?

LOUISA

Nei far.

KAPTEINEN

Vel, noko må ha skjedd – ho reiste ifrå oss utan å ta farvel

GRETL

Kjem Fraulein Maria tilbake.

KAPTEINEN

Nei, kjære du. Det trur eg ikkje.

MARTA

Men ho var den beste guvernanta me har hatt

KAPTEINEN

De skal ikkje lenger ha guvernante.

LOUISA

Så fint.

KURT

Eg er ikkje sikker på at det er fint.

KAPTEINEN

De skal få ei ny mor.

LIESEL

Ei ny mor?

FRIEDRICH

Frau Schräder?

KAPTEINEN

(gjev Liesel gitaren).

Ja, det vart bestemt i går kveld. Eg er svært lukkeleg. No er det tid for ettermiddagsturen dykkar. *(Liesel kysser han og han går inn i huset)*

LOUISA

Maria brukte å syngja ein song når ho ville gjera oss glade, hugsar de den?

LIESEL

(legg gitaren på kaffibordet).

Ja

BRIGITTA

Greit. Me prøver.

MUSIKK 32 REPRISE: MY FAVORITE THINGS

ALLE

(LIESL byrjar, og ein etter ein blir dei andre tafatt med i songen)

REGNDOGG PÅ ROSER OG VÊRHÅR PÅ KATTAR

SPEGLBLANKE KJELAR OG GLITDRANDE SKATTAR

(Orkesteret byrjar spele)

KREMMARHUS FYLTE MED KANDIS TIL FEST

DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

GRETL

Men eg er framleis trist og lei?

(BORNA byrjar synge, men sluttar ein etter ein når dei høyrer MARIA offstage)

MARIA

(Offstage)

JENTER MED SLØYFER PÅ FINKJOLESTASEN
SNØKORN SOM SMELTAR PÅ VIPPA OG NASEN
SOLA SOM RAUDNAR PÅ HIM'LEN I VEST
DETTE ER SAKENE EG LIKAR BEST

BORNA

Maria! Maria er tilbake!

(dei spring ho i møte. Ho har på seg drakten og hatten den nye postulanten hadde på seg tidlegare. FRIEDRICH tek gitaren hennar og set den ved krakken)

MARIA OG BORNA

NÅR DET TORDNAR
NÅR DET LYNER,
ER EG TRIST OG LEI,
SÅ TENKJER EG PÅ ALT DET BESTE EG VEIT
OG DÅ KJENNES DAGEN GREI

(FRIEDRICH ordnar gitaren og kofferten)

MARIA

(klemmer dei).

Ungar! Eg er så glad for å sjå dykk. Eg må snakka med far dykkar, med det same.

MARTA

Eg skal hente han.

(ho spring inn)

KURT

Eg blir med.

(han blir med Marta inn)

MARIA

(til Gretl)

Korleis går det med den vonde fingeren.

GRETL

Du hugsa det!

MARIA

Liesel, har du det bra?

LIESEL

Ja, Fraulein, eg har det bra.

MARIA

Mange telegram i det siste?

LIESEL

Nei, Fraulein. Eg ser fram til å byrja på internatskule.

MARIA

Liesel, du kan ikkje bruka internatskulen til å ryma frå vanskane dine. Du må ta tak i dei.

(held rundt Liesl)
 Å, eg har så mykje eg må fortelja dykk.
 LOUISA
 Me har noko å fortelja deg òg.
 MARIA
 De har nok mykje å fortelja meg om.
 BRIGITTA
 Det viktigaste er at far skal gifta seg.
 MARIA
 Gifta seg?
 LOUISA
 Med Frau Schräder.
 MARIA
 Er de sikre på det?
 BRIGITTA
 Ja, han sa det nettopp – han sa det sjølv.
(Kurt og Marta kjem frå huset)
 KURT
 Me fann han.
(Kapteinen kjem frå huset)
 KAPTEINEN
 Liesl –
 LIESEL
 Louisa, Brigitta, gutar, kom! Me er på barnerommet, Maria.
(Borna går inn i huset)
 KAPTEINEN
 Du er tilbake?
 MARIA
 Ja, kaptein.
 KAPTEINEN
 Du drog ifrå oss utan noko slags forklaring – utan ein gong å ta farvel.
 MARIA
 Det var ikkje rett. Tilgjev meg.
 KAPTEINEN
 Sei meg, kvifor gjorde du dette mot oss.
 MARIA
 Ver så snill, ikkje spør meg om det, uansett, det betyr ikkje noko lenger.
(Tek gitaren og reiseveska)
 KAPTEINEN
 Hadde du tenkt å bli verande her?
 MARIA
 Berre til De får ordna med ny guvernante.
 KAPTEINEN
 Borna har sakna deg, eg har sakna – alle har sakna deg. Det var ikkje det same her utan deg.
 Alt vart feil.
 MARIA
 Men eg –

KAPTEINEN

Me snakkar om det seinare. Gå opp til borna no.

(Maria går mot huset)

KAPTEINEN

Ny kjole, Maria?

MARIA

Det kom ein ny postulat.

(ho går inn, kapteinen set seg ved kaffibordet og klimprar på gitaren)

ELSA

(inn frå hagen).

Eg veit eg har rett; Max. Lat oss spørja han.

MAX

(føl etter henne).

Eg tvilar ikkje på det du seier, Elsa.

ELSA

Georg, du må avklare dette for Max og meg. Kor mykje av fjellsida høyrer til eigedommen din?

KAPTEINEN

Ser du den steingarden? Der går grensa.

ELSA

(snur seg til Max).

Der ser du

MAX

(set seg på ein benk).

Eg var ikkje ueinig i det.

ELSA

Eg veit, og det gjer meg rasande. Eg likar ikkje ein siger utan motstand.

FRANZ

(kjem frå huset).

Herr Detweiler, det kom ein rikstelefon til Dykk då De var vekke.

MAX

(truskuldig)

Kven kan ha ringt meg frå Berlin.

FRANZ

Dei sa du visste kven det var.

MAX

Å! Takk Franz!

(Franz går inn i huset).

Georg, kva var det me nett snakka om?

KAPTEINEN.

Dette er ikkje første gong du får telefon frå Berlin, Max.

MAX

Du veit eg ikkje er involvert i politikk. Kan eg kan hjelpa for kva andre er?

ELSA

Me treng ikkje å rippa opp i det igjen. Tyskarane har lova å ikkje invadere Austerrike. Det veit Max.

KAPTEINEN

Så kvifor bryr han seg om å svara på telefonsamtalar frå Berlin?

MAX

Fordi eg må sørge for å ha venner der, om nokon skulle bryte løftet sitt.

ELSA

Sjølvsagt.

KAPTEINEN

Og du er enig?

MAX

(reiser seg, går til KAPTEINEN)

MAX

Georg, slik ser eg det; Ein mann ligg for døden, han får syndeforlating, og dei spør han; Forsakar du djevelen og alt hans vesen? Og han svarar: Nett no, vel eg å ikkje skaffa meg fiendar.

(KAPTEINEN klimprer på gitaren)

ELSA

Georg, om Tyskland hadde invadert, ville du sett deg til motmæle?

KAPTEINEN

Ja!

MAX

Skjønar du kva som står på spel? Egedomen din?

ELSA

Borna dine?

MAX

Alle dine nærmaste – Elsa – og meg?

KAPTEINEN

(reiser seg, tek med gitaren)

Så, kva vil du gjere om dei kjem?

MAX

(hentar ein stol, set seg)

Det eit kvart fornuftig menneske ville gjort; halde seg i ro, og vente til det går over.

KAPTEINEN

Og det trur du det vil?

MAX

Ein ting er heilt sikkert – det er ingenting du kan gjera med det.

(MAX reiser seg)

ELSA

Ikkje sjå så alvorleg ut, kjære. Rist av deg verdsproblema og slapp av.

MUSIKK 33: «NO WAY TO STOP IT»

ELSA

MIN KJÆRE NAIVISTISKE IDEALIST
I DAG SÅ ER DU NØYDD Å BLI EIN REALIST

MAX

DU SMYKKAR DEG MED HELTEMODIG KARAKTER
MEN OPP IMOT EIN HAI, KVA KAN EIN BRISLING GJER?

ELSA

VER SMART, BALANSER

KAPTEINEN

BALANSER OG VER SMART!

ELSA

LAT DEI TRU DU ER PÅ LAG, VER VAG OG SKIKKA

KAPTEINEN

INGEN FÅR MEG I KNE UTAN KAMP, ER DET KLART?

MAX

DU TRENG IKKJE GÅ I KNE, MEN KANSKJE NIKKA

ELSA

DU KAN BYRJE MED Å STOLE PÅ EI LÆRE
SOM ER VITSKAP OG DET MEST ELEMENTÆRE

EI GALEN VERD MED GALNE INDIVIDER
SLÅR KOLLBØTTE DER OPPE I DET FRI
OG KVAR GONG ALT HAR BYKSA RUNDT EI KOLLBØTTE TIL
ER NOK EIN DAG FORBI

OG DET KAN IKKJE STOPPAST,
NEI DET KAN IKKJE STOPPAST
DET HAR BYRJA OG NO ER DET PÅ GLI
SÅ EG KAN IKKJE BRY MEG
NEI, EG KAN IKKJE BRY MEG
NÅR EG SER AT NOK EIN DAG HAR GÅTT FORBI

MAX

OG NÅR ME SJANGLAR RUNDT LITT SKRÅTT I VINKEL
TEK ME EIN RUNDE RUNDTOM SOLA VÅR
OG NÅR ME ER TILBAKE DIT ME STARTA EIN GONG
SÅ HAR DET GÅTT EIT ÅR

OG DET KAN IKKJE STOPPAST,
NEI DET KAN IKKJE STOPPAST
JORD SIRKLAR I BANE DER DEN ER
BERRE TULLINGAR ANKAR
BERRE TULLINGAR ANKAR
PÅ ALT ANNA ENN DEN VIKTIGASTE HER!

KAPTEINEN

PÅ DEG!

ELSA

PÅ MEG

MAX

OG MEG

KAPTEINEN

OG MEG
DEN EINASTE SOM HAR VERDI!

ELSA

DEN ALLTID AKTUELLE

MAX

DEN SUPER-SPESIELLE

ALLE

MEG!

KAPTEINEN

SÅ KVAR PLANET OG KVAR EI LITA STJERNE
OG ALLE HIMMELLEHEMA FOR SEG
SNUR RUNDT I UNIVERSET OM EIT FINT LITE PUNKT
OG DETTE PUNKT ER

Eg!

MAX OG ELSA

OG DET KAN IKKJE STOPPAST
NEI, DET KAN IKKJE STOPPAST
DET ER RART, MEN EG KAN FORTELJA DEG

KAPTEINEN

Så sjarmerande!

MAX OG ELSA

AT SÅ LENGE EG LEVER

ALLE

JA SÅ LENGE EG LEVER
FINS DET INGENTING SÅ MAKELAUST SOM

ELSA

Eg!

ALLE

EG, EG , EG
INGENTING SÅ MAKELAUST, SOM EG

KAPTEINEN

(set stolen tilbake til bordet og set seg).

Eg! Meg! Me er i alle fall einige om ein ting – kvar og ein tenkjer på seg sjølv. Men du kan ikkje berga deg sjølv med å gje opp. Og du lurar ikkje ei løve med å stikka hovudet ditt...

FRANZ

(inn frå huset og snakkar til Max).

Det er telefon til deg ifrå Berlin, min herre.

KAPTEINEN

(peikar på Franz)

...i løvegapet

MAX

(etter litt nøling)

Eg ringer tilbake.

ELSA

(stille)

Du kan like godt snakka med dei no, Max

KAPTEINEN

Gå! Ta den!

(MAX går inn, fylgt av FRANZ)

ELSA

(etter ein pause)

Georg, eg trur eg ser kva som er i ferd med å skje her. Kan du ikkje prøve sjå det slik som eg?

KAPTEINEN

Nei – ikkje når du tillèt deg å sjå det slik som dei.

ELSA

Noko får de sanneleg betre til her, enn me gjer i Wien – solnedgongane. Eg kjem til å sakna dei.

MARIA

(kjem frå huset).

Kaptein – å, orsak meg.

ELSA

Maria! Du fortalde meg ikkje at Fraulein Maria var tilbake, Georg. Det gler meg!

MARIA

Takk! Kaptein, ungane spør om leksefri i morgon, så me kan dra på piknik.

KAPTEINEN

Ja, det er i orden.

MARIA

No blir dei glad. La meg få ynskja Dykk tillukke, Frau Schröder, Kaptein. Borna har fortalt at de skal gifte dykk.

ELSA

Å, eg er redd borna tek feil. Georg, eg må pakke ferdig om eg skal komme meg tidsnok av garde til Wien.

KAPTEINEN

Om det er det du må, skal eg be Franz gjere klar bilen.

ELSA

Det kan eg gjere

(han kysser handa hennar og ho legg forlovelsesringen i handa hans)

Auf wiedersehen, Georg. Farvel Maria

(ho går inn i huset)

MARIA

Beklagar viss eg sa noko eg ikkje skulle ha sagt.

KAPTEINEN

Du sa noko du ikkje skulle, men du sa det i rett augneblink.

MARIA

Borna fortalde meg at du skulle gifta deg med Frau Schröder.

KAPTEINEN

Me skjønna at me var på veg i ulike retningar, så den døra er stengd.

MARIA

Søster Margaretta brukar sei; Når Gud lukkar ei dør –

KAPTEINEN

Eg veit – «opnar han eit vindauge». Maria, kvifor rømde du tilbake til klosteret. Og kvifor kom du tilbake?

MARIA

Abbedissa sa at kvar og ein må finna sin veg i livet.

KAPTEINEN

Og når vegen ligg føre deg, ser du den likevel ikkje.

MARIA

Nei

KAPTEINEN

Ikkje med det same. So ein dag – ein kveld – ei natt – brått skjønar du det.

MARIA

Ja

KAPTEINEN

(går til MARIA)

Når eg ser på deg, forstår eg at dette ikkje er noko som skjedde no. Det er noko eg har kjent på – lagt inne i meg – i fleire veker. Du kjenner det, du òg.

(ho nikkar)

Korleis skjønna du det?

MARIA

Brigitta. Ho sa at – den kvelden me dansa –

KAPTEINEN

Ho har rett. Det var ikkje nokon kjend dans, var det vel?

MARIA

Eg hadde ikkje dansa sidan eg var lita jente. Det er svært annleis når du er vaksen, ikkje sant?

KAPTEINEN

Då du var lita jente, hende det nokon gong då, at ein liten gut kyssa deg?

MARIA

Eh – mh

KAPTEINEN

Det óg er ganske annleis

MARIA

Er det?

(dei kysser)

Det er annleis.

KAPTEINEN

Livet ditt skal bli annleis no. Eg skal ta deg med dit du vil dra – gje deg alt du ynskjer deg.

MARIA

Men eg vil ikkje dra nokon stad. Alt eg ynskjer meg...

MUSIKK 34: «AN ORDENARY COUPLE»

...er her.

EIT PAR SOM ALLE ANDRE
DET ER ME, DU OG EG
FOR ALT EG VIL I LIVET
ER Å HA DEG HER HOS MEG

Å LE OG GRÅTE SAMAN
I ALL MI LEVETID
Å KYSSE DEG GOD MORGON
OG NÅR DAGEN ER FORBI

OG ME SKAL MØTE MOTGANG
MEN ALDRI SEI FARVEL
MED ARMAR KRING KVARANDRE
NÅR DET LID MOT KVELD

EIT PAR SOM ALLE ANDRE
I ÆVA VANDRAR ME
MED ARMAR KRING KVARANDRE
OG MED BORNA LIKE VED
MED ARMAR KRING KVARANDRE

(KAPTEINEN nærmar seg MARIA, som for å kysse ho. MARIA går til benken, set seg med ryggen til KAPTEINEN)

KAPTEINEN

Veit du, dei to må snart få møtt kvarandre.

MARIA

Kven?

KAPTEINEN

Abbedissa og Brigitta.

EIT PAR SOM ALLE ANDRE
DET ER ME, DU OG EG
FOR ALT EG VIL I LIVET
ER Å HA DEG HER HOS MEG

Å LE OG GRÅTE SAMAN
I ALL MI LEVETID
Å KYSSE DEG GOD MORGON
OG NÅR DAGEN ER FORBI

MARIA

OG ME SKAL MØTE MOTGANG
MEN ALDRI SEI FARVEL
MED ARMAR KRING KVARANDRE
NÅR DET LID MOT KVELD

BEGGE

EIT PAR SOM ALLE ANDRE
I ÆVA VANDRAR ME
MED ARMAR KRING KVARANDRE
OG MED BORNA LIKE VED
MED ARMAR KRING KVARANDRE

KAPTEINEN

Maria, kven må eg spørje for å få gifte meg med deg?

MARIA

Me kan jo spørje ungane.

(dei spring leande inn i huset)

MUSIKK 35: CHANGE OF SCENE

Scene 2: Ein klostergong, to veker seinare

MUSIKK 36: WEDDING PREPERATIONS 1; THE POSTULANTS CROSSOVER

(Tre unge POSTULANTAR kjem springande, men bråstoppar når dei held på å kollidere med fire NONNER som kjem frå andre sida. POSTULANTANE trekker seg tilbake med påteken fromhet. Like før NONNENE forsvinn, ser to av dei seg tilbake på

POSTULANTANE, med eit lite smil. NONNENE går ut. POSTULANTANE forsikrar seg om at dei er gått, så spring dei ut i motsett retning. To andre NONNER kjem inn med ABBEDISSA si seremoni-kappe. SØSTER BERTHE og SØSTER MARGARETTA kjem inn frå motsett side og tek imot kapp. NONNENE går ut og ABBEDISSA kjem inn. SØSTER BERTHE og SØSTER MARGARETTA legg høgtidleg kapp på skuldrene til ABBEDISSA. Dei tre løfter hendene i taus bøn, går ut - blackout)

Scene 3: Abbedissa sitt kontor, like etterpå

MUSIKK 36A: WEDDING PREPERATION 2: THE BRIDE'S DRESSING MUSIC»

(Ein liten koffert står open på ein krakk. I det lyset går opp, ser me Maria, som blir kledd til bryllaupet sitt. Nokre av NONNENE hjelper til med å ordne brudekjolen og sløret. ABBEDISSA kjem inn saman med SØSTER BERTHE og SØSTER MARGARETTA. ABBEDISSA står på eine sida av MARIA, dei to SØSTRENE på den andre. Dei beundrar henne)

MARIA

Ærverdige Moder, får eg lov til å sjå korleis eg ser ut? Eg har ein spegel. Den ligg i kofferten.

ABBEDISSA

Søster Berthe

(SØSTER BERTHE opnar kofferten og leitar etter spegelen. Ho tek ut ein florlett nattkjole frå kofferten, og held den opp)

SØSTER BERTHE

Søster Margareta!

SØSTER MARGARETTA

Eg trur ikkje ho tok seg tid til å sy i fôret.

ABBEDISSA

Søster Berthe, spegelen.

(SØSTER BERTHE gjev spegelen til Maria, som speglar seg)

MARIA

Å Moder – eg er jo...

ABBEDISSA

Du skal ikkje ver forfengeleg, barnet mitt. Du er verkeleg vakker, kjære.

(MARIA gjev spegelen tilbake til SØSTER BERTHE. SØSTER SOPHIA gjev MARIA ei kvit bønnebok. Ei NONNE gjev ABBEDISSA ein myrtekrans. MARIA kneler, medan ABBEDISSA set kransen; symbolet på jomfruelegheit, på hovudet til Maria. MARIA går fram for å stille seg opp til bryllaupsmarsjen. NONNENE bryt ut i frydefull song)

MUSIKK 37: CHANGE OF SCENE: «GAUDEAMUS DOMINO»

NONNENE

GAUDEAMUS, GAUDEAMUS OMNES IN DOMINO,
DIEM FESTUM CELEBRAN

MUSIKK 37A: «PROCESSIONAL»**Scene 4: Ein korridor i kapellet**

(Handlinga frå scenen før held fram. Metallgitteret blir senka mellom MARIA og NONNENE. Bak NONNENE, blir det senka eit stykke scenografi som antyder domnen på eit kapell. MARIA gjev ABBEDISSA ein gest til farvel. NONNENE stiller seg opp bak gitteret for å sjå på marsjen fram til alteret, ein seremoni dei ikkje kan delta i. VON TRAPP-JENTENE kjem bryllaupskledde inn, og tek plass framom MARIA. LIESL og LOUISA er fremst, bak dei kjem BRIGITTA og MARTA, så GRETEL, som ber på ein rosebukett. Dei fyrste JENTENE har med små blomebukettar. KURT og FRIEDRICH kjem inn. FRIEDRICH ber ei fløyelspute med KAPTEINEN sin uniformshatt. KAPTEIN VON TRAPP følgjer han, kledd i gallauniform, med sverd og dekorasjonar. KURT går til MARIA, og byr henne armen. Bryllaupsmarsjen startar. Prosesjonen går taktfast fram. NONNENE syng i kontrapunkt til bryllaupsmarsjen)

NONNENE

KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?
 KORLEIS FÅ FAST EIT VINDKAST I EI FORM
 KVA FOR EIT ORD SKAL BRUKAST OM MARIA?
 EI VÅSETE VIMSE
 EIN ELDFLOGE-FE
 EIN STORM
 DET ER SÅ MANGT HO BURDE KUNNE LÆRA
 DET ER SÅ MANGT HO FAKTISK MÅ FORSTÅ
 MEN KORLEIS SKAL HO FÅ TIL
 Å LYA, OG TEIA STILL
 KORLEIS FÅ STILLE BØLJA FRÅ Å SLÅ
 JA, KVA GJER ME MED EI FLOKE SOM MARIA?
 KVEN KAN VEL SPINNE MÅNESTRÅLE-TRÅ

(Undervegs i songen, har MARIA og JENTENE gått over scena. Like før midten, stansar dei. GRETEL snur seg, neiar for MARIA og gjev ho rosebuketten. KURT går frå hennar side og står med ryggen til gitteret. Han sluttar seg til FRIEDRICH. KAPTEINEN tek plass ved sida av MARIA og byr henne armen. Prosesjonen held fram av scena. KURT og FRIEDRICH går inn i rekka bak KAPTEINEN og MARIA. NONNENE kjem inn frå kvar side av gitteret, og formar ei linje framom dei, med ABBEDISSA i midten. Direkte over i:)

MUSIKK 37B: CANTICLE: «CONFITEMINI DOMINO»

NONNENE

(lystig)

CONFITEMINI, DOMINO
 QUONIAM BONUS, QUONIAM BONUS
 QUONIAM IN SAECULUM
 MISERICORDIA EJUS

CONFITEMINI, DOMINO
QUONIAM BONUS, QUONIAM BONUS
QUONIAM IN SAECULUM
MISERICORDIA EJUS

ALLELUJA, ALLELUJA
ALLELUJA, ALLELUJA
ALLELUJA, ALLELUJA
ALLELUJA, ALLELUJA

GAUDEAMUS, GAUDEAMUS
OMNES IN DOMINO
DIEM FESTUM CELLEBRANTES

(ABBEDISSA bøyer seg for NONNENE, og alle ut, lys av.)

MUSIKK 38: CHANGE OF SCENE

Scene 5: Daglegstova, ein månad seinare

(MAX kjem inn på balkongen med nokre trykksaker i handa. Han byrjar gå ned trappa)

MAX

Ungar! Gullungar! Liesl, Friedrich, Gretl, Kurt, Marta – sjå! Kaltzberg Festivalen 1938.

(LIESL, BRIGITTA og GRETL som ber på ei dukke, kjem inn frå terrassen. MAX viser fram programmet)

Sjå her! Von Trapp familiekor! Og her er alle namna dykkar – Liesl, Friedrich, Louisa, Kurt, Brigitta, Marta og Gretl.

GRETL

Kvifor er eg alltid sist?

LIESL

Fordi du er yngst.

MAX

Liesl, eg stolar på deg. I over i morgon må de vera klare klokka 11. Då er det –

(FRAU SCHMIDT kjem frå terrassen)

FRAU SCHMIDT

Herr Detweiler, kan Du vera så snill å hjelpe meg? Der Gauleiter er her no. Han vil vite kvifor me ikkje har heist dei nye flagga?

(HERR ZELLER kjem frå terrassen. Han er i sivil, og har ikkje hatt på seg)

ZELLER

(Helsar MAX.)

Heil!

FRAU SCHMIDT

Eg prøvde å forklara –

ZELLER

Stille!

(Til MAX)

Når ventar de Kaptein Von Trapp tilbake?

MAX

Kven veit? Når ein mann er på bryllaupsreise –

ZELLER

Dette er ikkje anledningen for vittigheitar. Det er fire dagar sidan Anschluss. Huset her er det einaste i regionen som ikkje heiser flagget for det Tredje Riket.

BRIGITTA

Meiner du flagget med den svarte edderkoppen på!

MAX

Brigitta!

ZELLER

Tillet De slike kommentarar her i huset? Kven er De?

MAX

Eg er Maximilian Detweiler, Første Sekretær i Undervisnings- og kultur Departementet.

ZELLER

Det var under det gamle regimet.

MAX

Under det gamle regimet var eg tredje sekretær. No er eg første sekretær.

ZELLER

Godt! Då gjev du ordre om å heise flagget.

FRAU SCHMIDT

Kaptein von Trapp ville ikkje... Eg meiner, eg tek mine ordre frå Kaptein von Trapp.

ZELLER

De tek ordre frå oss – og det gjer Kapteinen òg.

(Helsar MAX)

Heil!

MAX

(Helsar nølande.)

Heil!

(ZELLER går ut på terrassen.)

GRETL

Kvifor var han så streng?

FRAU SCHMIDT

Alle er strenge no til dags.

(Ho går ut.)

LIESL

Får far problem?

MAX

Ikkje nødvendigvis. Det som er viktig no er å halde seg inne med alle.
Men, Liesl, pass på å få alle ungane på bussen klokka 11.

BRIGITTA

Onkel Max, er du sikker på at far syns dette er i orden?

MAX

Han kjem til å bli glad og stolt.

BRIGITTA

Liesl, trur du óg det?

MAX

Britgitta, stolar du ikkje på meg?

BRIGITTA

Nei.

MAX

Uansett, bussen går klokka 11.

FRANZ

(Kjem inn med to koffertar.)

Fraulein Liesl, sjå kva eg har her.

LIESL

Det er far in bagasje.

MUSIKK 39: HOMECOMING MUSIC

FRANZ

Ja, dei er heime.

(Han går ut. BRIGITTA og GRETL spring ut.)

MAX

Liesl, dei har sikkert mykje å fortelje, så me treng ikkje sei noko om dette, med det same dei kjem inn døra.

(BORNA spring til utedøra. MARTA, LOUISA frå venstre, KURT og FRIEDRICH frå balkongen.)

BORNA

Dei er heima, dei er heima!

(KAPTEINEN og MARIA kjem, omringa av BORNA.)

MARIA

Max!

MAX

(frå sofaen.)

Georg, me venta dykk ikkje tilbake før neste veke.

KAPTEINEN

Max, så godt du er her. Det er så mykje eg må få greie på.

MARIA

Ungar, som me har sakna dykk.

GRETL

Kva sakna du mest?

MARIA

Me sakna alt bråket de lagar om morgonen.

KAPTEINEN

Og ståket når de hysjar på kvarandre. Me sakna å sei god natt til dykk.

MARIA

Me sakna å høyre dykk synge.

BRIGITTA

Det kom de akkurat tidsnok til. Sjå her far, me skal synge på Kaltzberg Festivalen fredag kveld.

(Ho visar han programmet. MAX snur seg vekk.)

KAPTEINEN

Få sjå.

(Han tek programmet og ser på det.)

Er det du som har stelt i stand dette, Max?

MAX

Eg har sett slik fram til å kunne fortelje deg det, Georg.

KAPTEINEN

Du kan ikkje snakke deg ut av dette.

(FRANZ og FRAU SCHMIDT kjem inn med gåver.)

FRIEDRICH

Presangar!

BORNA

(Tek presangane og spring ut saman med FRAU SCHMIDT og FRANZ.)

Gje meg mine. Kvar er min? Me opnar dei på rommet vårt. Kvar er min?

(Dei går ut, utanom LIESL, som blir på balkongen. MARIA tar av seg hatten.)

MAX

Høyr på meg, Georg, eg måtte ta ei rask avgjersle – eg var heldig som i det heile tatt fekk plass til dei – dei kjem til å bli hovudattraksjonen på festivalen – sju born i ein familie -

KAPTEINEN

Ikkje familien min!

MAX

Utvalskomiteen hørde dei – dei var svært begeistra.

MARIA

Er det sant, Max? Kva sa dei?

MAX

Eg har aldri høyrte make til skryt.

MARIA

Georg, høyrer du?

KAPTEINEN

(Stille, men tydelig.)

Von Trapp familien syng ikkje offentleg.

MARIA

Men om dei kan gjere folk glade -

MAX

Folk kjem frå heile verda til festivalen.

KAPTEINEN

Det kjem ikkje på tale.

MAX

Dei syng for Austerrike, Georg.

KAPTEINEN

Austerrike finns ikkje lengre.

(Han går opp trappa.)

MAX

Men Anschluss vart då svært udramatisk. Me må vera takksame for det.

KAPTEINEN

Takksame?

(Så, stille.)

For desse svina?

(Han går ut på balkongen. LIESL kjem ned.)

MAX

Maria, han må i det minste late som han samarbeider med desse folka. Eg skjønner reaksjonen hans – men du må overtale han, det må bli eit kompromiss.

MARIA

(ved sofaen.)

Nei, Max, nei.

MAX

Maria, det må du.

MARIA

Max, eg kan ikkje be Georg om å gjera seg mindre enn det han er.

MAX

Så skal eg snakke med han. Om ungane ikkje syng på festivalen, slår det tilbake på Austerrike - og det vil sjå dårleg ut for meg.

(Han går ut på balkongen.)

LIESL

Maria, eg har alltid visst at du er glad i oss ungane. No veit eg at du er glad i far òg.

MARIA

Det er eg Liesl. Eg er svært glad i han.

LIESL

Korleis kan du vera sikker på det?

MARIA

Fordi eg ikkje lengre tenkjer på meg sjølv fyrst. Eg tenkjer fyst på han. No skjønar eg korleis...

MUSIKK 40: REPRISE: «SIXTEEN GOING ON SEVENTEEN»

... kjærleiken min kan brukast på beste måte.

(tek LIESL i handa.)

EI KLOKKE KLING FYRST NÅR DEN RØRES
EIN SANG ER FYRST SONG NÅR DEN HØ(Y)RES
OG KJÆRLEIKEN DIN
DEN SKAL VEKSA OG GRO
KJÆRLEIK SLÅR ROT
NÅR DEN DELES AV TO

NÅR DU; SEKSTEN, GANSKE SNART SYTTEN ÅR,
LENGTAR OG VENTAR KLAR
MØTER DU HAN
MED HJARTE I BRANN,
MED SJARME OG FINE SVAR

LIESL

NÅR DET SKJER, VIL ALLTING BLI ANNLEIS
ALT VIL BLI NYTT OG RART
NO VIL DU GJER
ALT DET SOM HAN BER
OM - SAMME OM DET ER SMART

MARIA

BORTE ER DET DU TRUR DU VEIT
OM LIV OG LYST OG DANS
OG SÅ EIN DAG ER DU BLITT GIFT
OG NO ER DU BLITT HANS

KJÆRLEIK ER UHYRLEG OG HERLEG
SNART SKAL DEN ENDRE DEG
KJÆRE SEKSTEN – GANSKE SNART SYTTEN ÅR,
VENT NOKRE ÅR TIL, TRU MEG

(FRAU SCHMIDT kjem inn.)

FRAU SCHMIDT

Det er telegram til Kapteinen.

(ROLF har fylgt FRAU SCHMIDT inn. Ho går ut att.)

LIESL

Rolf! Rolf, dette er mor mi – den nye mor mi.

MARIA

(Reiser seg.)

Rolf, så fint å endeleg få møte deg.

ROLF

(Kaldt.)

Eg har eit telegram til Kaptein von Trapp.

(Han held det fram. FRANZ kjem inn på balkongen og går ned trappa.)

MARIA

Bli her saman med Liesel du. Eg skal levere det til han.

(Ho går for å ta telegrammet, men han trekk det vekk.)

ROLF

Eg har ordre om å sørge for at kapteinen får det.

MARIA

Eg trur du kan stole på at eg gjev han det.

ROLF

Eg har mine ordre.

LIESL

Dei er gift, din tullebukk.

(ROLF ser på FRANZ.)

ROLF

Å, Franz! Dette telegrammet skal leverast personleg til Kaptein von Trapp.

FRANZ *(Helsar)*

Heil!

ROLF

Heil!

(ROLF helsar tilbake og gjev han telegrammet framføre MARIA. FRANZ går ut.)

LIESL

(Sjokkert)

Rolf!

MARIA

Og så Franz

ROLF

Ja, og så Franz. Og eg! Alle i Nonnberg utanom den store Kaptein von Trapp. Om han veit sitt eige beste, kjem han over på den rette sida.

LIESL

Ikkje snakk slik, Rolf.

(FRANZ kjem inn att på balkongen.)

ROLF

Og om han ikkje gjer det, bør han komme seg ut av landet. No til dags skjer det ting med slike som han. Han må komme seg ut i ein fart.

(LIESL spring til MARIA.)

Berre skrik så mykje du vil, men hugs kva eg sa, før det er for seint.

(Til MARIA.)

Det gjeld deg òg.

(Han går ut, FRANZ følger han.)

MARIA

Liesl – ikkje grin.

LIESL

Korleis kunne han true far på den måten?

MARIA

Liesl – kanskje han ikkje trua far din – kanskje han åtvare han.

(KAPTEINEN kjem inn på balkongen, han held det opna telegrammet i handa.)

KAPTEINEN

Liesl –

(LIESL spring ut.)

MARIA

Kva er det som skjer, Georg?

KAPTEINEN

(Går ned trappa.)

Eg hadde ikkje trudd eg måtte ta avgjersla så raskt. Berlin tilbyr meg ei stilling i Marinen.

MARIA

Ja vel?

KAPTEINEN

Eg kan ikkje lukke auga for dette. Det kunne vore spanande å ha kommandoen på ein båt igjen. Eg meiner – det ville vore ei lette og ei trøyst å vite at du og ungane er trygge. Men – det betyr og... Vær så snill, Maria, hjelp meg.

MARIA

Georg, eg støttar avgjersla di uansett.

KAPTEINEN

Takk. Og no veit eg at eg ikkje kan gjera det.

MARIA

Det veit eg òg.

KAPTEINEN

Me må komme oss ut av Austerrike med det same.

MARIA

Du må dra i kveld – no.

KAPTEINEN

Ikkje utan familien min. Og me kan ikkje berre pakke og dra. No held dei auge med oss. Me må leggje ein plan –

(Ringeklokke.)

- me må kjøpe oss litt tid.

VON SCHREIBER *(off-stage)*

Heil!

(FRANZ kjem inn.)

FRANZ

Kaptein Admiral von Schreiber frå det Tredje Riket sin Marine ynskjer møte deg.

KAPTEINEN

Takk, Franz.

(FRANZ går ut.)

Då er me sjanselause.

MARIA

Me kan ikkje tru at me er sjanselause.

KAPTEINEN

Eg skal snakke med han. Me må vera forsiktige.

(Han går ut. MARIA ber, ser på Festival programmet i handa si, så spring ho opp.)

MAX

(Inn på balkongen, fulgt av LIESL.)

Kva skjer? Storm troppane! Det var det eg var redd for, Maria.

MARIA

(På balkongen.)

Max, bli med Georg. Eg må snakke med ungane. Liesl, skund deg, finn borna. Skund deg –

(LIESL og MARIA går ut og MAX kjem ned trappa. KAPTEINEN kjem inn med VON SCHREIBER og ZELLER. VON SCHREIBER er i tysk admiral uniform.)

KAPTEINEN

Denne vegen, Admiral, me kan snakke her inne. Admiral von Schreiber, får eg presentere Herr Detweiler. Max, eg trur du kjenner Herr Zeller. Ynskjer De å sitje, mine herrar?

ZELLER

Me er her i eit offisielt ærend.

VON SCHREIBER

Kaptein von Trapp, det vart sendt eit telegram til deg for tre dagar sidan.

KAPTEINEN

Eg fekk det nett no. Eg har vore vekk reist – eg har knapt vore heime ein halv time.

MAX

Kaptein von Trapp er tilbake frå bryllaupsreise i dag, herr Admiral.

VON SCHREIBER

Gratulerer, Kaptein.

KAPTEINEN

Takk, herr Admiral.

VON SCHREIBER

Me har lagt merke til innsatsen ditt under krigen, Kaptein.

KAPTEINEN

Det gler meg å høyra, herr Admiral.

ZELLER

Lat oss komme til poenget.

VON SCHREIBER

(til ZELLER.)

Tillat meg.

(Til KAPTEINEN.)

De har stor vørðnad i Marinen. Det er difor eg er her. Då me ikkje fekk svar på telegrammet, sendte overkommandoen meg hit personleg.

KAPTEINEN

Det set eg pris på, Admiral. Men eg har ikkje hatt tid til å vurdere –

(MARIA kjem inn på balkongen. Ho har med seg to festival program og har på seg konsertklede – ein tradisjonell austerriksk folkedrakt.)

VON SCHREIBER

Eg er komme for å presentere oppdraget for Dykk -

KAPTEINEN

Eg er svært klar over æra i dette, herr Admiral, men –

VON SCHREIBER

Og ordren din er straks å melde Dykk ved marinebasen i Bremerhaven.

MARIA

(Kjem ned trappa, med påtatt uskuld.)

Med det same? Å, eg er redd for at det ikkje er mogleg, Georg.

KAPTEINEN

Admiral, får eg presentere kona mi, Baronesse von Trapp – Admiral von Schreiber.

VON SCHREIBER

Madame!

MARIA

Eg meiner, herr Admiral, me skal syngje på Kaltzberg Festivalen fredag kveld, alle saman.

(BORNA kjem inn på balkongen i tradisjonelle austerrikske klede.)

Sjå her – von Trapp familiekor – her i programmet.

(Ho gjev programma til VON SCHREIBER og ZELLER.)

MAX

Det vert arrangert av Ministeriet for Utdanning og Kultur.

VON SCHREIBER

Fredag kveld? I dag er det onsdag. Det er berre snakk om to dagar. Det kan vera mogleg. De kan melde Dykk i Bremerhaven innan mandag...

ZELLER

(Protesterer)

Admiral!

VON SCHREIBER

Kan eg låne telefonen?

MAX

Denne vegen, Admiral. Om De har nokon spørsmål, kan kanskje eg snakke med –

(Dei går ut.)

ZELLER

(Til KAPTEINEN)

Her står det berre namn på borna.

KAPTEINEN

(Raskt)

Det står von Trapp familiekor. Eg er ansvarleg for von Trapp familien.

ZELLER

Det trur eg ikkje noko på, Kaptein von Trapp – at du skal synge konsert.

KAPTEINEN

(Kaldt)

Herr Zeller, du kan tru kva du vil.

ZELLER

Det står ikkje her at du skal synge. Kva skal de synge, Kaptein?

KAPTEINEN

De er sjølvsagt velkomne til konserten for å høyre oss.

ZELLER

Eg vil høyre Dykk synge no. Syng det De skal synge på konserten. Syng!

MARIA

DO RE MI FA SO LA TI...

Liesl, gjev du oss ein «DO»?

(LIESL bles ein «DO» på ei stemmefløyte.)

MUSIKK 41: REPRISE: «DO-RE-MI»

MARIA OG BORNA

(Syng til ZELLER)

DO – EIN HJORT MED PRIKKAR PÅ

RE – OPP SENG, FÅ DET GJORT

MARIA

MI – DU VAKRE JENTA MI

(Ho gjev teikn bak ryggen sin til KAPTEINEN at han skal synge. Han kjem brått inn, ein takt feil.)

KAPTEINEN

FA – I FART, OG DET GÅR FORT

(Blackout. Direkte over i:)

MUSIKK 41A: CHANGE OF SCENE

Scene 6: Scenen i konserthuset i Kaltzberg, tre dagar seinare

(Medan musikken vert lågare i volum, høyrer me stemmene til VON TRAPP FAMILIEN i eit konsert arrangement av «Do-Re-Mi». Direkte over i:)

MUSIKK 41B: THE CONCERT: «DO-RE-MI»

(Lyset kjem på på VON TRAPP FAMILIEN i konsert-posisjon og i austerriske folkedraktar. Dei står framføre eit sceneteppe av velur. Det er ein mikrofon på scenen.)

	MARIA
SO – EIN ÅKER, DET ER VÅR	
	BORNA
EIN ÅKER, DET ER VÅR	
	MARIA
LA – OSS HAUSTE SOM ME SÅR	
	BORNA
OSS HAUSTE SOM ME SÅR	
	MARIA
TI – DEI FINGRANE ME FÅR	
	BORNA
DEI FINGRANE ME FÅR	
	KAPTEINEN
DEI FINGRANE ME FÅR	
	BORNA
DEI FINGRANE ME FÅR	
DEI ME FÅR	
JA, DEI ME FÅR	
TI ER DEI ME FÅR	
TI ER DEI ME FÅR	
DEI ME FÅR, DEI ME FÅR	
TI ER DEI SOM ME FÅR	
DEI ME FÅR	
TI SMÅ FINGRAR ME FÅR	
	MARIA OG KAPTEINEN
ER DET ME FÅR	
	BORNA

A, B, C
 A, B, C
 DO, RE, MI
 DO, RE, MI
 A, B, C, D, E, F, G
 DO, RE, MI, FA, SO, LA, TI
 ER DET ME FÅR

KAPTEINEN OG MARIA

ER DET ME FÅR

BORNA

FA LA LA LA

KAPTEINEN OG MARIA

FA LA LA LA

ALLE

TI ER DET ME FÅR

ER DET ME FÅR

ME FÅR, ER DET ME FÅR

(Dei tek imot applaus. MAX kjem med KAPTEINEN sin gitar, gjer den frå seg og går ut. FRIEDRICH får ein stol frå bak sceneteppet. KAPTEINEN sit på stolen, midt på scenen. MARIA og BORNA sit på golvet.)

MUSIKK 42: «EDELWEISS»

KAPTEINEN

EDELWEISS, EDELWEISS
 MORGONSTJERNA I HAGEN
 BLYG OG VAR, Kvit og klar
 TEK DITT LYS/ DIN LET IMOT DAGEN
 VAKRASTE SNØBLOME; VEKS OG BLØM
 VEKS OG BLØM I ÆVA
 EDELWEISS, EDELWEISS
 SIGN OSS HER ME VIL LEVA

EDELWEISS, EDELWEISS
 MORGONSTJERNA...

(Han ser på MARIA og sluttar å synge.)

MARIA OG BORNA

BLYG OG VAR, Kvit og klar

(KAPTEINEN byrjar å synge igjen.)

ALLE

TEK DITT LYS/ DIN LET IMOT DAGEN

KAPTEINEN

VAKRASTE SNØBLOME; VEKS OG BLØM
 VEKS OG BLØM I ÆVA
 EDELWEISS, EDELWEISS
 SIGN OSS HER ME VIL LEVA

(MAX kjem inn og snakkar til det jublande publikummet i mikrofonen.)

MAX

Tusen takk, mine damer og herrar, tusen takk.

(FAMILIEN byrjar å gå av scenen. MAX stansar dei.)

Ein augneblink berre. Eg har ei kunngjering de må høyre.

(I mikrofonen)

Mine damer og herrar, sjølve Festival-finalen er no over – men me veit sjølvst sagt enno ikkje kva resultatet blir. Dommarane sit no saman for å bli einige, og medan me ventar, syns eg me skal få eit ekstranummer. I dag er truleg siste moglegheit for von Trapp Familien å synge saman på svært lenge.

(MARIA og GEORG vekslar urolege blikk.)

Eg er blitt informert om at Kaptein von Trapp umiddelbart etter konserten skal dra for å tiltre si nye stilling i det Tredje Riket sin Marine. Ein æresgarde er her no for å eskortere han direkte frå konserthuset til marinebasen i Bremerhaven.

(MAX ser av scena, og viser dermed kvar æresgarden står.)

Og no, mine damer og herrar, familien von Trapp, ein gong til/ encore.

(KAPTEINEN og MARIA snakkar kort og hastig saman. Så går MARIA til BORNA og kviskrar instruksar til dei. Dei stiller seg opp på scena og syng med noko uro i stemma. MARIA nikkar til dirigenten.)

MUSIKK 43: REPRISE: «SO LONG, FAREWELL»

MARIA

DEN ER TRIST, KLOKKEKLINGEN
IFRÅ TÅRNET I KVELD
OG FRÅ URET SOM NETTOPP SLO
OG OPPE FRÅ BARNEROMMET
HØYREST EIN GJØK
SOM KLOKKAR INN MED SITT KOKO

BORNA

KOKO, KOKO

KAPTEINEN

OG ME ER VELDIG LEIE
FORDI ME NO MÅ SEIE
FARVEL TIL DYKK FOR NO

ALLE

HA TAKK, FARVEL,
AUF WIEDERSEHN, GOD NATT

KURT OG MARTA

OM DET ER SEINT,
HELD EG MEG VAKEN FORTSATT

(KURT og MARTA går ut, medan dei kikkar seg engsteleg tilbake)

ALLE

HA TAKK, FARVEL,

ADJØ, AUF WIEDERSEHN,

FRIEDRICH OG LIESL

EG HÅPAR DE
VIL KOMMA SNART IGJEN
(FRIEDRICH og LIESL går ut)

ALLE

FARVEL, ADJØ
AUF WIEDERSEHN, HA TAKK

LOUISA OG BRIGITTA

ME MÅ NOK GÅ, MEN TAKK
FOR FOR ALT ME RAKK
(LOUISA og BRIGITTA går ut)

ALLE

HA TAKK, FARVEL,
AUF WIEDERSEHN, GOD NATT

GRETL

EG BLIR HER HEILT TIL
GJESTENE HAR DRATT
GOD NATT!
(GRETL går ut)

MARIA

GOD NATT

KAPTEINEN

GOD NATT

MARIA OG KAPTEINEN

GOD NATT

(MARIA tek KAPTEINEN i handa og dei går ut. MAX sluttar seg til publikums-applausen og ser VON TRAPP familien gå av. Så snur han seg mot ein konvolutt som vert halden ut til han. Han tek den og går til mikrofonen.)

MAX

Mine damer og herrar, her har eg resultatet frå vår ærede jury.

(Han ser på arket, og ser etter VON TRAPP familien. Han trekk ut tida.)

Me byrjar med tredje premien. Denne prisen vil juryen gje til trioën frå Herwegen songarforbund.

MUSIKK 44: THE SCENE CONTINUES (The Awards)

(Han gjev teikn til TRIOEN, som bukkar og går ut.)

Andrepremien går til Fraulein Schweiger, fyrste solist i St.-Agathe sitt kyrkjeor frå Murbach.

(Han gjev teikn. FRAULEIN SCHWEIGER går inn, bukkar og går ut. MAX ser off-stage som for å forsikre seg om at det er trygt å gå vidare)

Og førstepremien – den gjælvaste utmerkinga i die Ostmark – går til – Von Trapp familieor!

(Han gjev teikn. Von Trapp familien kjem ikkje ut.)

Von Trapp Familieor!

(Han gjev teikn igjen. Det er uro bak scenen.)

STEMMER BAK SCENA

(Oppå kvarandre)

Kvar er dei – von Trapp familien? Dei er vekke! – Vekke? – Von Trapp familien! – Kva veg for dei? – Kvar er dei? – Hent vaktane! – Hauptmann, ta hovudvegen! – Ullrich, steng utkjørsla! – Stainhardt, ring distriktskommandoen!

(Uroa held fram)

MAX

(Til orkesteret)

Spel noko!

MUSIKK 44A: CHANGE OF SCENE

(Han går raskt av scena. Lyset vert dempa mest i svart. TRE MENN i S.S. uniformer over scena. Me høyrer plystrelydar og rop; blackout.)

Scene 7: Klosterhagen, same natt

(Klosteret til venstre, ei stor dør står open ut i hagen. Den bakre veggjen av hagen er som skoren ut av fjellet og reiser seg høgt opp mot høgren. Bak ved steingjerdet i hagen, byrjar ein sti som går rett opp på fjellet og blir borte. Eit rekkverk av tre føl stien. Hagen ligg i mørke. Nokre stjerner kan sjåast på himmelen. Det svake måneskinet skapar skuggar av VON TRAPP FAMILIEN som kryp saman for å gøyme seg. Dei har på seg folkedrakt og har med seg ei gitarkasse. Reiseveskene deira ligg ved føtene deira. Døra i hagen opnar seg varsamt, SØSTER MARGARETTA smyg seg ut, og lukkar døra etter seg. Dei snakkar lågt til kvarandre)

SØSTER MARGARETTA

Dei har berre fem rom igjen å leite gjennom. No er det nok ikkje lenge att.

KAPTEINEN

Kor mange er dei?

SØSTER MARGARETTA

Eg talde berre åtte frå storm-troppen i tillegg til offiserane.

MARIA

Søster Margareta, me trudde ikkje at klosteret ville bli utsett for fare.

KAPTEINEN

Det er uhøyr. Dette klosteret har alltid vore ein fristad.

SØSTER MARGARETTA

Ikkje med desse folka. Dette er tredje gong dei ransakar klosteret.

MANNSSTEMME

(Off)

Sjå der!

(Dei er skremde, stille)

SØSTER MARGARETTA

Det er difor de må gøyme dykk i hagen. Dei leitar alltid inne – aldri utanfor.

GRETL

(Høgt)

Er dette Guds hus?

KAPTEINEN

Hysj! Ja, venen min.

MARGARETTA

(Til GRETL)

Me må vera veldig, veldig stille. Me seier i frå når dei er borte.

(Ho går inn i klosteret.)

MARTA

Når dei er borte, kan me dra heim då?

KAPTEINEN

Nei det kan me ikkje, kjære deg, me har ein lang veg framføre oss.

(LIESL har gått til den andre sida av hagen.)

MARIA

Liesl, me må halde oss samla.

(LIESL går mot dei i det døra til klosteret brått opnar seg. ROLF kjem inn i ein S.S. uniform. Han lyser ei lommelykt over scenen. Lyset treff MARIA. KAPTEINEN byrjar gå mot ROLF. ROLF rettar lyset mot KAPTEINEN sitt andlet, samtidig som han trekk pistolen. KAPTEINEN stansar)

ROLF

(Ropar over skuldera)

Løytnant!

(Når ROLF snur seg att, treff lyset frå lommelykta andletet til LIESL. I ein stille augneblink ser ho bedande på ROLF. Me høyrer LØYTNANTEN sine fottrinn som kjem nærare og nærare. Brått snur ROLF seg og ropar...)

Det er ingen her, Løytnant!

LØYTNANTEN

(Off)

Mottatt. Sett i marsj/ Leit vidare.

(Lyden av fottrinn blir svakare når LØYTNANTEN går vidare. ROLF ser ein siste gang på LIESL, går så raskt ut, og smell igjen døra etter seg. LIESL spring grinande i armane på KAPTEINEN.)

KAPTEINEN

Hysj!

(Me høyrer ein bil som startar. FAMILIEN står som frosne. Lyden blir svakare.)

Takk Gud!

(ABBEDISSA og SØSTER MARGARETTA kjem inn.)

ABBEDISSA

(Høgt)

Dei er borte!

KAPTEINEN

Ærverdige moder, me er lei for at de måtte utsetjast for dette.

MARIA

Ærverdige moder, me får aldri takka deg nok.

KAPTEINEN

Så snart det er trygt, dreg me. Bilen vår er gøymd i skogen.

ABBEDISSA

Bilen er nok ikkje til noko hjelp. Dei har vakter som sperrer ved vegen framføre porten.

MARGARETTA

Eg har lytta inn på sambandet. Alle vegane er stengde. Grensa er stengd.

(KAPTEINEN ser mot fjella)

MUSIKK 45: INCIDENTAL

KAPTEINEN

Eg har alltid sett på desse fjella som venene mine – dei står og vaktar over oss. Men no har dei blitt til fiendar.

ABBEDISSA

Dei er aldri dine fiendar. Kjenner du ikkje skrifta? «Eg lyfter mine augo til fjella: kvar kjem mi hjelp ifrå? (Mi hjelp kjem frå Herren, han som skapte himmel og jord. Han lèt ikkje foten din vera ustø, din vaktar blundar ikkje. Og søv ikkje, Israels vaktar)

MARIA

Georg, eg kjenner fjella like godt som eg kjenner denne hagen. Det gjer du óg. Så snart me er over fjellet, er me i Sveits.

KAPTEINEN

Saman men borna!

MARIA

Me hjelper kvarandre.

KURT

Far, me klarar oss utan hjelp.

ABBEDISSEN

De vil få hjelp. «For med glede skal de dra ut, i fred skal de førast fram»

MUSIKK 46: FINALE ULTIMO: «CLIMB EV'RY MOUNTAIN»

«fjell og haugar bryt ut i jubel framfor dykk, alle tre på marka klappar i hendene.»

(Lyset går ned bak og opp framme)

REGNBOGEN VIL SYNA

VEGEN TIL DIN DRAUM

(Familien, leia av MARIA, tek reiseveskene sine på seg. KAPTEINEN lyfter GRETL. KURT tek gitarkassa. SØSTER BERTE og SØSTER SOPHIA kjem inn og sluttar seg til ABBEDISSA i song, det gjer òg SØSTER MARGARETTA.)

ABBEDISSA OG SØSTRENE

EIN DRAUM SOM SKAL STÅ
GJENNOM KJÆRLEIK OG SLAG
DU MÅ KJEMPA FOR DEN
KVAR EIN LEVANDE DAG

(Dei andre NONNENE kjem inn og gjer koret større. Me ser MARIA, fylgt av UNGANE, byrja klatre opp fjellsida. Bakarst er KAPTEINEN med GRETL på skuldrene.)

ABBEDISSA OG ALLE NONNENE

GÅ EIGNE VEGAR
FØLG KVAR EIN STRAUM
REGNBOGEN VIL SYNA
VEGEN TIL DIN DRAUM

(MARIA og FAMILIEN forsvinn.)

TEPPEFALL

MUSIKK 47: EXIT MUSIC

APENDIX:**«CONFIDENCE»**

KORLEIS VIL DAGEN BLI?
EG UNDRAR
TRU KVA SOM VENTAR NO
EG UNDRAR
HER SKULLE EG HA GLEDD MEG
EG ER FRI, KJEM MEG UT, ER PÅ VEG
HER ER EG, OG ALT LIGG TIL RETTE
SÅ, KVA ER GALE MED MEG?

EG SØKJER ALT SOM ER UVISST
OG STILLER ALLTID FYRST I LEDD
NO ER DET BERRE Å SATSA
SÅ KVIFOR ER EG REDD?

KAPTEIN OG EIN SKOKK MED UNGAR
ER VEL IKKJE NOKON SAK?
NEI, EG MÅ BERRE SLUTTE Å ANKA
FOR VISS IKKJE, KJEM EG TIL Å SNU
EG MÅ SJÅ FOR MEG DRAUMEN EG SØKJER
FOR DET MINKAR PÅ MOT OG PÅ TRU

HA MOT TIL Å TENA FAST OG MYNDIG
STÅ I Å FEILA RANK OG KYNDIG
VISA MEG VERDIG
OG DET VIL IGJEN
VISA MEG

AT EG KAN STÅ I ALL SLAGS MOTGANG
GJER MITT BESTE GONGER TI
EG HAR SJØLTILLIT
LITT MOTBØR STÅR EG I
MED STØ STRATEGI
HAR EG KOMME FOR Å BLI:

EG SKAL NOK IMPONERA;
GRUNDIG MEN FRAMLEIS GREI
OG ALLE BORNA
GUD BEVARES
DEI HAR Å LYA MEG
VER SIKKER!

STEG FOR STEG SÅ BLIR EG STØDIG

SJÅ KOR ENKELT ALT KAN BLI
 EG HAR SJØLTILLIT
 OG VERDA SKAL BLI MI
 TRENG IKKJE SUFFLI
 EG HAR TRU PÅ MIN REGI
 EG HAR TRU NÅR DET ER SOLSKIN
 EG HAR TRU NÅR REGNET SLÅR
 EG HAR TRUA, ETTER VINTER BLIR DET VÅR
 PÅ MIN EIGEN KJØL
 HAR EG TRUA PÅ MEG SJØLV!
 STYRKE ER IKKJE HELTAR
 STYRKE ER IKKJE MAK
 STYRKE ER RO NÅR TÅRNET VELTAR
 DÅ ER DU KLAR, HEILT KLAR! HEILT PRAKTFULLT!

ALT EG KAN, DET HAR EG TRU PÅ
 STOL PÅ SAKEN, ALDRI NØL
 EG HAR TRU PÅ; Å HA TRUA PÅ SEG SJØLV

Å, HJELP
 EG HAR TRU PÅ; Å HA TRUA PÅ SEG SJØLV!
 OG DET HAR VERDI
 EG HAR SJØLVTILLITA MI

«SOMETHING GOOD»

KAN HENDE VAR MIN BARNDOM TRASIG
 KAN HENDE ÒG VART UNGDOMEN SLETT
 MEN LIKEVEL EIN GONG I MITT TUNGSAME LIV
 MÅ EG HA GJORT NOKO RETT

FOR HER ER DU, SEIER DU ELSKAR MEG
 LUKKA DI HAR EG FÅTT
 SÅ EINGONG I MIN RINGE BARNDOM
 MÅ EG HA GJORT NOKO GODT

ALT MÅ HA EI BYRJING
 STORT MÅ STARTE SMÅTT
 SÅ EINGONG I MIN RINGE BARNDOM
 MÅ EG HA GJORT NOKO GODT